


Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2022



» Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2022

Redaktør:

Magnus Fodstad Larsen

Forfattarar:

Anders Alvsåker Didriksen, Carl Endre Espeland, Kjerstin Bruvold Klokkeide,
Therese H. Røst (prosjektleder) og Ole Henning Vårdal

Forord

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) utviklar Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Det er eit mål at tilstandsrapporten skal vere eit viktig grunnlag for styring av sektoren, for forvaltningsorgana og ikkje minst for sektoren sjølv. Vi arbeider kontinuerleg med kvalitetssikring av data og utvikling av rapporten slik at han er tilpassa ein sektor i vekst og endring.

Rapporten beskriv fagskulesektoren i tal og analyser om studentar, fagskular, utdanningstilbod og økonomi. Vi står i ei tid med store endringar i utdannings- og kompetansopolitikken, som følgje av både politiske satsingar og samfunnsmessige endringar. Dette er endringar som vi prøver å beskrive og forklare i tilstandsrapporten, men som samstundes gir utfordringar med datagrunnlaget for analysane.

Vi står framleis med ein fot i fagskulereforma som starta med Fagskulemeldinga (Meld. St. 9 (2016–2017)), og vi har hatt ein kompetansereform som har hatt stor innverknad på høgare yrkesfagleg utdanning, mellom anna gjennom ei stor satsing på korte, modulbaserte utdanningstilbod. Det skjer store endringar i institusjonsbiletet, med fusjonar, oppkjøp og nyetableringar. I tillegg ser vi endringar i bruken av studieadministrative system i sektoren, noko som kan få store konsekvensar for datakvaliteten. Den største kjente endringa er innføringa av eit felles studieadministrativt system for alle dei offentlege fagskulane.

Samstundes er forvaltningsnivåa med ansvar for sektoren i endring. I samband med regionreforma fekk fylkeskommunane ansvar for forvaltninga av driftsmidlane til fagskulane. No står vi overfor ei tilbakeføring til gamle einingar i fleire regionar. Det er framleis ikkje avklart kva konsekvensar dette vil ha for forvaltninga av tilskot, dei kompetansopolitiske planane, og for dei fusjonerte offentlege fagskulane, men det vil uansett påverke data og analysar i kommande tilstandsrapportar.

I tillegg har det på statleg nivå blitt gjennomført ei samling av fleire direktorat med oppgåver knytt til høgare yrkesfagleg utdanning. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) blei oppretta 1. juli 2021, og samlar oppgåver knytt til mellom anna forvaltning og drift av høgare yrkesfagleg utdanning, diverse kompetansopolitiske verkemidlar, Samordna opptak, og Database for statistikk i høgare utdanning – Fagskulestatistikk (DBH-F). Denne nyetableringa gir store moglegheiter, og eit stort ansvar, for det nye direktoratet til å samordne rapporteringar og datagrunnlag for fagskulesektoren. Styrking av datakvalitet er ein oppgåve vi aldri blir ferdig med, men med dei organisatoriske endringane vi no har gjennomført står vi betre rusta til å handtere dei store endringane vi ser.

Vi takkar vår tidlegare kollega Martin Paulsen, kollega Anne Hunderi og Fagskolen i Viken for tekstbidrag til tekstboksane i rapporten. Vi ynskjer òg å takke Kunnskapsdepartementet for samarbeid kring oppdraget og innspel undervegs i arbeidet.

Sektorbilete 2021

Fagskular	
Tal på skular	61
Offentleg eigarskap	16
Privat eigarskap	45
Tal på fagskular med færre enn 50 studentar	18
Tal på fagskular med fleire enn 500 studentar	16
Tal på utdanningstilbod etter fagområde	
Helse og velferd	495
Kreativ	145
Samferdsel	55
Teknisk	444
Økonomi- og administrasjon	299
Anna	60
Uoppgitt	23
Fagskulestudentar	
Tal på studentar ¹	28 241
Kvinner	46%
Menn	54%
Tal på uteksaminerte studentar.	10 897
Fagskulestudentar fordelt på fagområde (FKF)	
Helse og velferd	6 118
Kreativ	2 806
Samferdsel	1 512
Teknisk	10 876
Økonomi- og administrasjon	5 363
Anna	692
Uoppgitt	874
Kjønnsfordeling på dei største fagområda	
Teknisk, andel kvinner	13%
Helse- og velferd, andel kvinner	87%
Økonomi- og administrasjon, andel kvinner	69%
Opptaksgrunnlag	
Generell studiekompetanse	27%
Realkompetanse	14%
Yrkesfagleg kompetanse	54%
Anna kompetansegrunnlag	4%
Økonomi og styring	
Statleg tilskot til drift forvalta av fylkeskommunane	987,6 mill..
Tilskot frå fylkeskommunanes frie midlar	148,9 mill.
Tilskot til dei tre statlege fagskuleutdanningane (direkte over statsbudsjettet)	74 mill.
Studentbetaling private skular	747,6 mill.
Studentbetaling offentlege skular	23,7 mill.
Diverse prosjektbaserte midlar	167,5 mill.
Tilskot andre offentlege aktørar	25,5 mill.

Kjelde: DBH-F

¹ Talet inkluderer aktive studentar på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1. oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.

Innhald

Sektorbilete 2021	2
Samandrag	6
1 Innleiing.....	7
2 Metode og datagrunnlag	9
2.1 Datagrunnlag og datakvalitet.....	9
2.2 Felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanningar	11
2.3 Digitale vedlegg.....	12
3 Studentane	13
3.1 Studentar og studiepoeng	13
3.2 Den geografiske fordelinga av studentar	15
3.3 Fordeling av studentar på fagområde.....	17
3.4 Kjønn og alder etter fagområde.....	20
3.5 Studentar på fleksible utdanningstilbod	23
3.6 Opptaksgrunnlag.....	28
3.7 Fullføring på normert tid	32
3.8 Uteksaminerte	36
3.9 Overgangar mellom fagskular og universitet/høgskular	38
4 Fagskular og utdanningstilbod	41
4.1 Fagskular og studiestadar	41
4.2 Storleiken på fagskulane	47
4.3 Fagområdeakkreditering og utdanningstilbod.....	50
4.4 Fagskulegradar og studiepoeng	51
4.5 Studium på heil- og deltid.....	53
4.6 Stadbaserte, samlingsbaserte og nettbaserte utdanningar.....	54
5 Styring og økonomi	56
5.1 Styring gjennom tilskot	56
5.2 Finansiering av høgare yrkesfagleg utdanning.....	57
5.3 Studentar og fagområde etter finansieringskjelder	65
5.4 Vekst i sektoren – kvar og kvifor?.....	66
6 Litteraturliste.....	69

Figurar

Figur 3.1 Studentar og studiepoengeiningar etter eigarskap. 2014–2021	14
Figur 3.2 Studentar etter fylke og eigarskap. 2021	15
Figur 3.3 Studentar etter registrert bustadfylke og utdanningsform. 2021	16
Figur 3.4 Studentar per fagområde. 2017–2021	17
Figur 3.5 Andel studentar på utdanningstilbod fordelt etter fagområde. 2017–2021	19
Figur 3.6 Andel studentar etter fagområde og fylke. 2021	20
Figur 3.7 Andel studentar etter kjønn og alder. 2021	21
Figur 3.8 Andel studentar etter kjønn og fagområde. 2017–2021	21
Figur 3.9 Andel studentar etter alder og fagområde. 2021	22
Figur 3.10 Studentar på heiltid og deltid etter fagområde. 2021	24
Figur 3.11 Studentar etter utdanningsform. 2017–2021	26
Figur 3.12 Nye studentar etter opptaksgrunnlag. 2018–2021	29
Figur 3.13 Nye studentar ved studiestart etter opptaksgrunnlag og alder. 2021	30
Figur 3.14 Studentar etter opptaksgrunnlag og fagområde. 2021	30
Figur 3.15 Fullføringsgrad på normert tid per fagområde for utdanningstilbod mellom 30 og 120 studiepoeng. 2019–2021	34
Figur 3.16 Fullføringsgrad på normert tid etter utdanningsform for utdanningstilbod mellom 30 og 120 studiepoeng. 2019–2021	34
Figur 3.17 Fullføringsgrad på normert tid etter heiltid og deltid, for utdanningstilbod mellom 30 og 120 studiepoeng. 2019–2021	35
Figur 3.18 Fullføringsgrad på normert tid for utdanningstilbod på 30-120 studiepoeng, etter alder ved oppstart. 2021	36
Figur 3.19 Uteksaminerte studentar per fagområde. 2018–2021	37
Figur 3.20 Fagskulestudentar tidlegare registrert ved UH-institusjon, etter fagområde. 2018–2021	39
Figur 4.1 Geografisk plassering av offentlege og private fagskular. 2021	44
Figur 4.2 Studiestadar ved offentlege og private fagskular. Haust 2011–2021	45
Figur 4.3 Geografisk plassering av studiestader ved offentlege og private fagskular. 2021	46
Figur 4.4 Fagskular og studentar etter eigarskap. 2012–2021	47
Figur 4.5 Fagskular etter storleik. Haust 2021	48
Figur 4.6 Fagskular etter fagområde og eigarskap. Haust 2021	49
Figur 4.7 Fagskular etter fylke og storleik. Haust 2021	49
Figur 4.8 Utdanningstilbod etter fagområde per år. 2017–2021	51
Figur 4.9 Utdanningstilbod etter fagområde og studiepoeng. Haust 2021	52
Figur 4.10 Utdanningstilbod på heiltid og deltid etter fagområde. Haust 2021	54
Figur 4.11 Studietilbod innan ulike utdanningsformer etter fagområde. 2021	55
Figur 5.1: Ulike finansieringskjelder. 2021	57
Figur 5.2 Gjennomsnittleg studentbetaling ved offentlege og private fagskular. 2014–2021	61
Figur 5.3 Studentar etter fagområde og tilskot, alle utdanningstilbod. 2021	65

Tabellar

Tabell 2.1 Felles klassifiseringssystem for fagskulesektoren (FKF), versjon 1.8	11
Tabell 3.1 Studentar på kortare studietilbod, kortare utdanningstilbod og fagskulegradar. 2021.....	15
Tabell 3.2 Studentar på heiltid og deltid etter alder. 2021	25
Tabell 3.3 Studentar på korte studietilbod under 30 studiepoeng etter finansieringsform. 2021.....	27
Tabell 3.4 Prosentdel fullført på normert tid. 2019–2021	33
Tabell 3.5 Fagskulestudentar med fullført utdanningstilbod over 30 studiepoeng, seinare registrerte ved UH-institusjon. 2018–2021	40
Tabell 4.1 Organisasjonsendringar. 2021	41
Tabell 4.2 Fagskular og studiestadar per fylke. 2021	43
Tabell 4.3 Fagskular med fagområdeakkreditering. 2021	50
Tabell 5.1: Statleg driftstilskot forvalta av fylkeskommunane og tilskot fylkeskommunane sine frie midlar, samt andel fylkeskommunale frie midlar av total finansiering per fylke – rapportert tildelt til fagskular i 2021	59
Tabell 5.2 Snittbetaling per student for tilbod på 30 studiepoeng og meir, fordelt etter eigarskap og finansieringskjelde. Haust 2021	62
Tabell 5.3 Prosjektbaserte midlar. 2021.....	63
Tabell 5.4 Studentar på offentleg finansierte utdanningstilbod. 2018–2021	67
Tabell 5.5 Studiepoengeiningar i offentleg finansierte utdanningstilbod. 2018–2021	67

Tekstboksar

Tekstboks 1 Evaluering av fagskulemeldinga	8
Tekstboks 2 Bransjeprogram for kompetanseutvikling	28
Tekstboks 3 Samordna opptak	32
Tekstboks 4 Utdanningskvalitetsprisen 2021	53
Tekstboks 5 Erasmus+/COVE	64

Samandrag

Tilstandsrapporten tek for seg høgare yrkesfagleg utdanning i 2021 frå ulike perspektiv. **Kapittel 3** handlar om studentane i høgare yrkesfagleg utdanning. Vi ser at studenttalet fortset å vekse i 2021, og at auken i studenttalet speglar seg i alle fagområde, med unntak av samferdsel. Størst vekst finn vi i økonomi- og administrasjonsfag. Elles er mykje av auken i studenttalet knytt til korte studietilbod under 30 studiepoeng, særskilt i tekniske utdanningar.

Videre ser vi at studentane har ein profil vi kjenner att frå år til år. Over halvparten av studentane er mellom 30 og 50 år, og 70 prosent av studentmassen tok utdanninga på deltid i 2021. Dette betyr at dei i stor grad er i arbeid parallelt med studiane. Om lag 57 prosent av studentane følgde undervisninga på nett, med eller utan fysiske samlingar. Samla sett er kjønnsfordelinga blant studentar i høgare yrkesfagleg utdanning ganske jamn. Samstundes er det framleis store kjønnskilnader, særleg innan helse- og velferdsfag og tekniske fag.

Medan vi tidlegare har snakka om tekniske fag og helse- og velferdsfag som «dei *to* store fagområda» i høgare yrkesfagleg utdanning, må vi etter kvart snakke om «dei *tre* store fagområda»; teknisk, helse- og velferd, og økonomi- og administrasjon. Det er desse tre fagområda som no trekker flest studentar til høgare yrkesfagleg utdanning.

I 2021 blei 10 897 studentar uteksaminerte. Dette er ei auke på om lag 31 prosent frå 2020 og 62 prosent frå 2019. Fullføringa ligg jamt på kring 65 prosent, bortsett frå siste året som alltid vil ligge noko lågare på grunn av rapporteringa og berekninga av normert tid. For 2021 er fullføringa derfor på 63 prosent no, men det er naturleg at dette talet aukar etter rapporteringa i august 2022.

Vi ser òg at stadig fleire studentar som tidlegare er registrert ved ein UH- institusjon vel høgare yrkesfagleg utdanning, medan talet på fagskulekandidatar som går vidare til eit universitet/høgskule ligg nokolunde stabilt.

I **kapittel 4** ser vi på fagskulane og utdanningstilboda. Hausten 2021 tel vi 61 fagskular og 160 studiestader. Dette er nokre færre fagskular enn året før, men talet på studiestader held seg stabilt. Blant dei offentlege fagskulane heng utviklinga tett saman med fylkessamanslåingar som fører til samanslåing av fagskular, medan i privat sektor ser vi fusjonar og oppkjøp, men òg nyetableringar.

Vi ser ein tendens til at mykje av veksten i studietilboda det siste året kjem innan samlingsbaserte og nettbaserte utdanningar. Det var totalt 1 520 studie- og utdanningstilbod i høgare yrkesfagleg utdanning i 2021. Flest tilbod finn vi innan fagområdet helse og velferd, tett etterfølgt av tekniske fag.

Kapittel 5 viser finansiering og styringa av høgare yrkesfagleg utdanning. Det er i hovudsak tre store kjelder for finansiering: statleg driftstilskot, studentbetaling, og konkurransebaserte prosjektmidlar. Av desse er dei statlege tilskota til drift den største kategorien med 44 prosent. Samla sett disponerte sektoren 2,23 milliardar kronar i 2021, ein auke på 328,6 millionar kronar frå året før.

1 Innleiing

Høgare yrkesfagleg utdanning skal svare på arbeidslivet sitt kompetansebehov, og gi kompetanse som kan takast i bruk i arbeidslivet utan vidare opplæring (Fagskoleloven §4, 2021). Dette fordrar eit tett samarbeid med arbeidslivet, for heile tida å vere oppdatert på behova der. I tillegg fremmar kompetansereforma at det må leggjast til rette for at arbeidstakarar kan lære heile livet (Meld. St. 14 (2019-2020)). Slik sett må høgare yrkesfagleg utdanning vere attraktiv og tilgjengeleg for folk i arbeid. For å svare på dei ulike kompetansebehova må sektoren både vere tilbydar av lengre gradsutdanningar, men òg kortare utdannings- og studietilbod.

I 2021 var samfunnet fortsett prega av koronapandemien, og fagskulane var råka av omfattande endringar og utfordringar som følgje av til døme nedstengingar og smitteverntiltak. Men sektoren var òg ein sentral del av løysinga på utfordringane som oppstod i samfunnet, slik som auka arbeidsløyse og permitteringar, og viste både fleksibilitet og evne til å svare raskt på kompetansebehova i arbeidslivet. Dette ser vi mellom anna i auken av studentar på korte, modulbaserte utdanningar, som i stor grad vart sette opp for å gi tilbod til permitterte.

Auken i korte utdanningar under 30 studiepoeng heng òg saman med auka etterspørsel frå arbeidslivet, og auka finansiering til slike tilbod gjennom til dømes bransjeprogramma. I tillegg har nok lovendringa i 2021 som oppheva den nedre grensa på 30 studiepoeng lagt til rette for ytterlegare auke i slike tilbod. Dette er ein av dei strukturelle endringane som vi reknar med vil endre biletet av sektoren dei nærmaste åra, og som har gitt fagskulesektoren endå eit verktøy til å dekke arbeidslivets behov.

Veksten vi har sett i sektoren kjem likevel i hovudsak innan dei meir ordinære utdanningsitboda mellom 30 og 120 studiepoeng. I samband med pandemien fekk sektoren ein stor auke i tilskot til 1 500 nye studieplassar sommaren 2020, noko som raskt ga seg utslag i ein vekst i studenttalet. Denne veksten held fram i takt med at finansieringa av studieplassane blei fasa inn i åra etter, noko som viser at sektoren maktar å rekruttere studentar.

Den økonomiske styringa av driftstilskot til høgare yrkesfagleg utdanning er lagt til fylkeskommunane, medan dei overordna måla og grunnleggjande retningslinjer for forvaltninga, er sett av Kunnskapsdepartementet, og forvalta av HK-dir. Dei overordna måla med driftstilskotet er at det skal bidra til *høg kvalitet* i utdanninga, at utdanninga skal vere *yrkesretta*, vere *lett tilgjengeleg* for studentane, og at sektoren skal vere *effektiv og solid*. I tillegg til den offentlege finansieringa er ein stor del av sektoren finansiert av studentbetaling.

Deloitte held på med ei evaluering av tiltaka som har blitt iverksett etter fagskulemeldinga (Meld. St. 9 (2016–2017)). Dei har førebels levert to rapportar frå evalueringa (Deloitte, 2021, 2022), der den førebels siste omhandlar finansieringssystemet. Sluttrapporten frå evalueringa vil bli offentleggjort i mars 2023. HK-dir vil følgje opp evalueringa med tilrådingar til Kunnskapsdepartementet, avhengig av kva evalueringa viser.

Tekstboks 1 Evaluering av fagskulemeldinga

Stortingsmeldinga «Fagfolk for fremtiden», også kjent som Fagskulemeldinga, blei vedtatt av Stortinget i 2017. Ho inneheldt ei rekkje tiltak for å auke kvaliteten på og statusen til fagskuleutdanninga. HK-dir administrerer no ei evaluering av fagskulemeldinga og finansieringssystemet for høgare yrkesfagleg utdanning på vegner av Kunnskapsdepartementet. Oppdraget vart sett ut til Deloitte etter ein anbodskonkurranse. I mars 2022 leverte Deloitte andre delrapport i evalueringsprosjektet, ei vurdering av finansieringsmodellen i sektoren. Rapporten er no på offentleg høyring med frist for innspel 1.september 2022.

Deloitte sin rapport ser på korleis finansieringssystemet fungerer for ulike aktørar, kva rolle det spelar i arbeidet med å heve kvaliteten og betre samanhengen mellom utdanningstilboda og kompetansebehovet i arbeidslivet. Evalueringa ser på både dei fire tiltaka i Fagskulemeldinga som spesifikt kan koplast direkte til finansieringssystemet og på andre ordningar som har blitt etablerte i tida etter 2017 og har innverknad på finansieringa av sektoren.

Evalueringa er basert på ein kombinasjon av ulike metodiske tilnærmingar – til saman skal dei sikre at ein får eit så breitt informasjonstilfang som mogleg. Meir enn 100 representantar for ulike delar av sektoren har vorte intervjuet. I tillegg har meir enn 100 rektorar og styreleiarar fått tilsendt ei spørjeundersøking.

Rapporten syner at det har vore tydeleg vekst i den totale finansieringa av høgare yrkesfagleg utdanning dei siste åra. Samtidig har det vore ei vesentleg auke i talet på studentar. Finansieringa kjem i hovudsak frå fire hovudkjelder: statlege driftstilskot frå KD, fylkeskommunane sine frie midlar, studentbetaling og statlege prosjektmidlar. Evalueringa til Deloitte peiker på at endringane som blei innført i finansieringa av høgare yrkesfagleg utdanning i 2018 har vore føremålstenlege. Ei fragmentert finansiering blei samla i eitt system med tre element: grunntilskot, resultatbasert tilskot, og konkurransebaserte midlar til utviklingsprosjekt.

Med utgangspunkt i dette systemet kan hovudfunna frå evalueringa oppsummerast slik: Ordninga med grunnfinansiering, eit resultatbasert insentiv og utviklingsmidlar som kan søkast på, er god, men tilbakemeldingane er at nivået på finansiering er for lågt med tanke på å sikre naudsynt kvalitetsutvikling framover.

Forvaltingsansvaret hos fylkeskommunane er positivt med tanke på nærleik til fagskular og arbeidsliv, men har samtidig nokre utfordringar knytt til kvalitet i forvaltinga, kor føreseieleg forvaltinga er for fagskulane, og handsaming av nasjonale behov som har for lite omfang til å dekkast lokalt.

Sektoren er positiv til at ein andel midlar blir konkurranseutsett, men det er tydeleg at volumet på prosjektbasert finansiering i sektoren er stort. I 2020 utgjorde prosjektbaserte tilskot til sektoren om lag 13 prosent av det statlege tilskotet til drift. Innføring av fleire ulike stimuleringsordningar som i stor grad overlappar med det etablerte finansieringssystemet – som Industrifagskolen, treparts bransjeprogram, og etter kvart ei ny ordning for fleksible og desentraliserte utdanningstilbod – set fagskulane under eit høgt administrativt press, og gjer det utfordrande for fylkeskommunane å fylla rolla som forvaltar av sektoren.

Kjelde: HK-dir

2 Metode og datagrunnlag

2.1 Datagrunnlag og datakvalitet

Datagrunnlaget i tilstandsrapporten er henta frå fagskulestatistikken i Database for statistikk om høgare utdanning (DBH-F), som er drifta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Tala er innrapporterte frå fagskular og fylkeskommunar til DBH-F, og speglar situasjonen i sektoren i 2021.²

Aktive studentar på utdanningstilbod over 30 studiepoeng blir talde 1. oktober, og rapporterte inn til DBH-F 15. oktober. Tidlegare er det berre desse studentane vi har talt med i tilstandsrapporten. Dei siste åra har det blitt opna for at fagskulane kan tilby utdanningar under 30 studiepoeng, noko som har utfordra den tradisjonelle teljemåten. Svært få av studentane på kortare studietilbod er registrert akkurat på det vanlege teljetidspunktet. Det har derfor frå og med 2021 blitt oppretta tre rapporteringar i løpet av eit år for studentar på korte studietilbod under 30 studiepoeng, der fagskulane kan rapportere talet på studentar som er aktive *mellom* teljetidspunkta. Fleire av desse studentane er meldt opp til fleire korte tilbod både vår, sommar og haust. For å unngå å telje eit individ fleire gongar har vi derfor valt å telje studentane på desse korte tilboda etter unike individ, og frå heile året. Dette skil seg frå studentane på utdanningar over 30 studiepoeng, som vi tel etter oppmeldingar til utdanningstilbod på teljetidspunktet på hausten. Studenttalet (28 241) inkluderer derfor aktive studentar på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1. oktober, og studentar på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.

I rapporten nyttar vi Felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanningar (FKF) (sjå avsnitt 2.2) og fagskulegradar i framstillinga av utdanningstilbod. I tillegg til høgare fagskulegrad (120 studiepoeng), fagskulegrad (60–119 studiepoeng) og kortare utdanningstilbod mellom 30 og 59 studiepoeng, er kortare studietilbod under 30 studiepoeng også inkluderte i figurar og tabellar.

Informasjon om geografisk fordeling kan tidvis vere misvisande når det er snakk om nettstudium. Nettbaserte studiar og studentar på nettbaserte utdanningstilbod blir derfor haldne utanfor den geografiske fordelinga og blir heller framstilt som ein eigen kategori.

Tala for fullføring har i alle år vore hefta av noko usikker kvalitet. Fullføringstala må bereknast på grunnlag av rapporteringar frå fagskulane. I periodar med mykje oppkjøp og fusjonar aukar mengda feil i talgrunnlaget som følgje av at studentar vert flytta frå ein tilbodskode til ein anna. I tillegg ser vi ein ny utfordring i år knytt til dei mange ekstraordinære tiltaka som blei sette inn i samband med koronapandemien. Mange utdanningstilbod blei tilbydt som korte modulbaserte utdanningar til permitterte, men studentane blei gjerne registrert på heile utdanningstilbodet, og ikkje berre på den enkelte modulen dei tok. Nokre av desse tilfella er det mogleg å identifisere, men ikkje alle.

I fjorårets tilstandsrapport presenterte vi fullføringstal der vi klarte å ta høgde for ein del av dei kjente problema. Vi ser likevel at vi med årets rapportering får ein endå større og vanskelegare jobb med å korrigere for desse feila. Vi har derfor valt å bruke ei anna tilnærming for å berekne fullføringstala. Endringa gir oss litt høgare fullføringstal for nokre av dei tidlegare åra, fordi vi no finn at ein del av studentane som var registrerte på ulike kodar ved opptak og avslutning av utdanninga. Vi har tatt utgangspunkt i NUS-kodane som den

² DBH-F si dokumentasjonsside <https://fagskole.hkdir.no/>

einskilde student er registrert på, og så kopla dette tilbake til fagskule og dei ulike variablane knytt til utdanningstilbodet. Denne tilnærminga løyser ein del av utfordringa med endra tilbodskoder.

Ei anna sentral problemstilling knytt til fullføringstal på normert tid, er graden av fleksibilitet i utdanningstilboda. Ei av problemstillingane er bruken av fleksibel oppstart. I praksis betyr dette at mange fagskular operer med opp til fire oppstartstidspunkt i året for fleire utdanningstilbod. Dette utfordrar logikken knytt til å telje studentar ein gong i semesteret, då denne teljemåten er basert på eit system der studiane startar i starten av kvart semester. Konsekvensen av fleksibel oppstart er at studentar startar etter teljetidspunktet, noko som resulterer i at dei blir talde i feil semester i databasen. Då dukkar dei ikkje opp som fullførte på rett tid, med dei berekningane vi må bruke. For å kompensere for dette har vi lagt til eit semester på normert fullføringstid. Dette gjer at vi fangar opp alle studentane som startar på utdanninga si utanfor dei ordinære startpunktta. Det er to ulemper med denne tilnærminga. For det første er det ikkje mogleg å legge til eit semester for siste års studentar. Grunnlaget for å berekne fullføringsgraden er derfor litt anna for det siste årskullet, noko som gir ein noko lågare fullføring enn åra før. Vi har likevel valt å ta med fullføringa helt fram til siste året. Ein anna ulempe er at vi òg vil telje studentar som faktisk brukar eit ekstra semester, som fullført på normert tid. Tala viser likevel at vi får langt færre feil ved å gjere dette, enn om vi ikkje legg til eit ekstra semester.

I år, som i fjor, har vi valt å ekskludere luftfartsfaga samt Noroff og NKI frå fullføringstala. Dette gjer vi på grunnlag av at dei er statistiske utliggarar som fordreiar biletet av sektoren elles. Årsaka til at dei skil seg ut, er likevel litt ulik. For luftfartsfaga er fullføringa på normert tid ganske enkelt svært låg – samla sett på mellom tre og 20 prosent for dei ulike åra. For Noroff og NKI, som til saman har svært høge studenttal, ligg fullføringstala dei siste åra ned mot 30 prosent, uavhengig av kva for måte vi har brukt til å berekne fullføringa. Fullføringstala blir ikkje særleg høgare om vi legg til eit heilt år på fullføringstida. Fagskulane sjølve meiner fullføringa er høgare enn dette, og noko av forklaringa ligg truleg i praksisen knytt til fleksibiliteten dei tilbyr med å flytte mellom heiltid og deltid, og moglegheita til å starte på eitt tilbod og fullføre på eit anna. Dette gjer at studentane blir flytta mellom ulike kodar, og gjer det vanskeleg å følgje dei frem til ein normert fullføring

Ei endring frå tidlegare rapporter er at vi i år viser eit augneblinksbilete frå teljetidspunktet hausten 2021 når vi tel fagskular og studiestader. Tidlegare år har vi talt både fagskular og studiestadar gjennom heile året. Talet på fagskular og studiestadar endrar seg gjennom året i 2021, mellom anna på grunn av samanslåingar som kan tre i kraft i løpet av eit kalenderår. Det betyr at det som var to eller fleire fagskular i starten av eit år i løpet av året vert til ein fagskule. Den måten dette har vore gjort på i tidlegare rapportar har derfor gitt eit høgare tal på fagskular og studiestadar enn det som er reelt på noko gitt tidspunkt i det aktuelle året. I årets tilstandsrapport nyttar me derfor heller eit augneblinksbilete frå teljetidspunktet hausten 2021 i vår presentasjon av tal på fagskular og studiestader.

2.2 Felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanningar

HK-dir arbeidde, saman med NOKUT, NSD, Unit og NIFU fram nye fagkategoriar som er tilpassa fagskulesektoren i 2020: Felles klassifiseringssystem for fagskulesektoren (FKF).³ FKF forenkler både rapportering og analysing av utdanningstilbodet i fagskulesektoren, og er kompatibelt med Norsk Standard for utdanningsgruppering (NUS2000).

Tabell 2.1 viser ein oversikt over dei ulike utdanningskategoriane (nivå 1) og -typene. Desse utdanningskategoriane er brukt i heile rapporten, også for historiske data.

Tabell 2.1 Felles klassifiseringssystem for fagskulesektoren (FKF), versjon 1.8

Utdanningskategori	Utdanningstype
Kreative fag (kreativ)	Visuell kunst Musikk, dans og drama Film og foto Design Interiør Mote Anna
Økonomi- og administrasjonsfag (økadm)	Løiing Kontor Lønn og rekneskap Marknadsføring Reiseliv Anna
Tekniske fag (teknisk)	Bygg og anlegg Elektro/energi Industri/kjemi Petroleum Data-IT Modellering Anna
Helse og velferdsfag (helse og velferd)	Helse Oppvekst Anna
Samferdselsfag (samferdsel)	Jernbane Luffart Maritim-Dekk Maritim-Maskin Anna
Anna	Grøne fag Mat og drikke Religion Skjønnhetspleie Anna

Kjelde: NOKUT

³ <https://www.nokut.no/norsk-utdanning/fagskole/felles-klassifiseringssystem-for-fagskoleutdanninger-fkf/>

2.3 Digitale vedlegg

Vedlegg er tilgjengeleg på nettstaden på <https://vedlegg.hkdir.no/TRHYU/2022>.

I vedlegg finn ein tabelldata for alle figurane i rapporten. I tillegg er det fleire vedleggstabellar med mellom anna tidsseriar og fleire variablar. Nokre tabellar har variasjonar, ein kan då velje ønska vising i menyen øvst i tabellen. Nettstaden med vedlegg inneheld òg tabellar som ikkje er omtala i sjølve rapporten, og kan nyttast uavhengig av rapporten.

Alle referansar til vedleggstabellar i rapporten er lenka direkte til den aktuelle tabellen i den digitale løysinga. Dette fungerer best om rapporten blir lasta ned og lest i ein eigen dokumentlesar (til dømes Adobe). Om du nyttar nettlesar blir tabellane opna i det same vindaugget og vil såleis ta deg bort frå rapporten. Det er òg mogleg å gå direkte til tabellane i ein nettlesar ved å skrive tabellnummer på slutten av nettadressa, til dømes [/tabell/V3.1](#) for å komme direkte til vedleggstabell nummer V3.1.⁴ Alle tabellar kan lesast i nettlesar eller lastast ned som Excel-fil.

⁴ Full adresse blir då <https://vedlegg.hkdir.no/TRHYU/2022/tabell/V3.1>

3 Studentane

Mange av studentane i høgare yrkesfagleg utdanning er først og fremst arbeidstakarar og familiefolk, og dernest studentar. Slik skil dei seg frå studentar ved universitet og høgskular. Dette betyr at dei har behov for fleksibel tilrettelegging av utdanninga, noko fagskulane leverer på. Over halvparten av studentane er mellom 30 og 50 år. Eit overveldande fleirtal studerer på deltid (over 70 prosent), medan 57 prosent følger nett- eller samlingsbaserte utdanningstilbod. I dette kapitlet skal vi sjå nærare på studentane i høgare yrkesfagleg utdanning.

3.1 Studentar og studiepoeng

Sjølv om studentane i høgare yrkesfagleg utdanning har ein profil som ein kan kjenne att frå år til år, er studentomgrepet i endring som følge av endringar i tilbodsstrukturen i høgare yrkesfagleg utdanning. Med kompetansereforma og framveksten av høgare yrkesfaglege studietilbod under 30 studiepoeng, er det fleire studentar som tek modular på ned mot eitt studiepoeng. Ein del av desse studentane tek òg fleire slike korte modular parallelt. Med den tradisjonelle teljemåten for studentar, der vi tel kor mange som er meldt opp til dei ulike utdanningstilboda, vil ein stor del av studentane på dei korte modulane bli talde som student fleire gongar. Vi har derfor valt å telje denne gruppa studentar på individnivå. Det vil seie at vi berre tel unike individ som ein student, uavhengig av kor mange slike korte tilbod hen har tatt i løpet av eit år. Dette vil gje eit mest mogleg presist bilete av talet på studentar i høgare yrkesfagleg utdanning. Sjå òg kapittel 2.1 om datagrunnlag og datakvalitet.


I 2021 var det 28 241 studentar i høgare yrkesfagleg utdanning.⁵ Dette er ein auke på 4 962 studentar frå 2020. Av alle studentane var det 25 573 på tilbod frå og med 30 studiepoeng, medan det var 2 668 studentar på tilbod under 30 studiepoeng.

Studentveksten i høgare yrkesfagleg utdanning har vore stor dei siste åra, særskilt frå 2018. På lik linje med fjoråret er veksten i studenttala størst ved dei private fagskulane i 2021. Dette er vidare omtala i kapittel 4.2.

Når ein skal sjå på vekst og volum i høgare yrkesfagleg utdanning, held det ikkje å berre telje studentar. Vi må òg sjå på produksjon av studiepoeng. Dette er eit særskilt viktig perspektiv i ein sektor der meir enn 70 prosent av studentane studerer på deltid. Figur 3.1 viser både tal på studentar og faktisk produserte studiepoengeiningar fordelt på offentlege og private fagskular for haustsemesteret i perioden 2014–2021. Ei studiepoengeining (SPE) svarar til 60 studiepoeng, og eitt år studium på fulltid. Med faktisk produserte studiepoengeiningar meiner vi her innrapporterte studiepoeng etter avlagt eksamen. Vi ser av figuren at talet på studentar aukar raskare enn veksten i SPE. Dette kan til dels forklarast med at mange av studentane tek få studiepoeng, og med framveksten av dei korte tilboda under 30 studiepoeng vil dette gje større utslag enn tidlegare år. I tillegg er det slik at for dei lengre utdanningane blir det avlagt fleire studiepoeng mot slutten av utdanninga enn heilt i starten. Dette bidrar til vi vil sjå ein auke i talet på SPE ei stund etter at vi ser auken i studenttalet

⁵ dette inkluderer aktive studentar på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på hausten, og alle enkeltindivid på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året. Jf. kapittel 2.1.

Figur 3.1 Studentar og studiepoengeiningar etter eigarskap. 2014–2021



Vedlegg: V3.1

Kjelde: DBH-F

Når vi ser på produksjon av studiepoeng har biletet endra seg sidan 2019, då produksjonen var tilnærma lik i privat og offentlig sektor. Frå 2019 til 2021 har den private delen av sektoren auka sin produksjon noko meir enn den offentlege. Medan studentar ved offentlege fagskular avla 5 837 SPE i 2021, avla studentar ved private fagskular 7 176 SPE. Mykje av auken i talet på studentar og avlagde SPE ved private fagskular kan forklarast med auka offentlig finansiering, som blei omtala i førre tilstandsrapport. Fleire tilbod som tidlegare blei finansiert av studentbetaling blei i 2020 gratis og derfor meir attraktive (Diku, 2021). Auka statleg tilskot til privat sektor er nok ein medverkande årsak til auken i studiepoengproduksjon, då nær 40 prosent av studiepoengseingane avlagde ved private fagskular i 2021 var heilt eller delvis offentlig finansiert. Det har likevel òg vore ein stor auke ved private fagskular utan statleg tilskot, noko som viser at veksten i sektoren ikkje berre kan forklarast med auka statleg tilskot.

Den største private aktøren utan offentlig tilskot er Noroff. Denne fagskulen auka studenttalet sitt med 38 prosent frå 2019 til 2020, og med ytterlegare 38 prosent frå 2020 til 2021. Hausten 2021 hadde Noroff 3 118 studentar på ordinære utdanningstilbod mellom 30 og 120 studiepoeng. Det vil seie at dei har nær dubla talet på studentar sidan 2019.

Ein anna fagskule som har nær dubla talet på studentar sidan 2019 er Fagskolen Kristiania, som no har 2 730 studentar. Ein sentral årsak til denne auken er oppkjøp av andre fagskular, og såleis ikkje ein årsak til auken i studenttalet samla sett. I tillegg har Kristiania mottatt ein relativt stor del av den statlege auken i driftstilskot, noko som har senka terskelen for tilboda utan avgift. Sjå elles vedleggstabell V6 for fleire detaljar på fagskulenivå.

I tabell 3.1 ser vi studentane fordelt på dei ulike studie- og utdanningstilboda etter tilbodas omfang. Dei fleste studentane i 2021 følger utdanningstilbod som gir ein høgare fagskulegrad (43 prosent) eller fagskulegrad (35 prosent). 13 prosent følger tilbod mellom 30 og 59 studiepoeng, medan 9 prosent av studentane var tatt opp til kortare studietilbod under 30 studiepoeng. Det er denne siste kategorien som er eit nytt tilfang i høgare yrkesfagleg utdanning, og som vi går nærmare inn på i kapittel 3.5.

Tabell 3.1 Studentar på kortare studietilbod, kortare utdanningstilbod og fagskulegradar. 2021

Tilbod	Tal på studentar	Andel
Kortare studietilbod, under 30 stp	2 668	9 %
Kortare utdanningstilbod, 30- 59 stp	3 689	13 %
Fagskulegrad, 60-119 stp	9 767	35 %
Høgare fagskulegrad, 120 stp	12 117	43 %
Totalt	28 241	


Kjelde: DBH-F

3.2 Den geografiske fordelinga av studentar

Figur 3.2 viser tal på studentar i 2021 fordelt på fylke. Studentar som tek utdanningar gjennom heilt nettbaserte tilbod er plasserte i eigen kategori ettersom slike tilbod rekrutterer studentar uavhengig av fagskulens lokasjon. Det gir derfor ingen verdi å plassere desse studentane i fylket der fagskulen er lokalisert. Dette er òg den desidert største enkeltkategorien i dette biletet, med nær 8 200 studentar.

Som det går fram av figur 3.2 er det stor variasjon i talet på studentar mellom dei ulike fylka. Samla for offentlege og private fagskular, har Oslo det høgaste talet studentar av fylkeskommunane med 4 130 studentar på stad- og samlingsbaserte utdanningar. Heile 3 124 av studentane i Oslo studerer ved private fagskular. Viken har det nest høgaste talet med 3 175 studentar, deretter følger Vestland med 2 707 studentar. Møre og Romsdal har det lågaste studenttalet med 407 studentar. I vedlegg V1 kan du sjå tabellar som viser fordelinga av studentar etter fylke og eigarskap i perioden 2017 til 2021.

Figur 3.2 Studentar etter fylke og eigarskap. 2021




Merknad: Studentar på nettbaserte tilbod blir ikkje plassert i fylke, men i kategorien nettbasert undervisning

Vedlegg: V3.2

Kjelde: DBH-F

Fordelinga av studentar etter kvar dei studerer kan supplerast med eit bilete av kvar dei er busette. I figur 3.3 har vi kryssa studentdata med informasjon om registrert bustad for den einkilde studenten. Sjølv om det kan vere vanleg at ein student flyttar til ein anna by utan å melde flytting, er det gode grunner til å tru at dette er mindre vanleg for fagskulestudentar enn for andre studentar, mellom anna fordi mange har familie og er i jobb parallelt med studiane.

Figur 3.3 Studentar etter registrert bustadfylke og utdanningsform. 2021



Vedlegg: V3.3

Kjelde: SSB

I figuren ser vi mellom anna kvar studentane på nettbaserte studiar er busett. Det er flest nettstudentar busett i Viken, Oslo og Vestland – fylka der folketalet og talet på studentar generelt er høgast. Vidare ser vi at talet på samlingsbaserte tilbod er klart høgast i Viken og Vestland. Troms og Finnmark og Nordland er dei to einaste fylka der stadbasete utdanningar ikkje utgjer den største utdanningsforma for studentar som er busett der. I desse fylka er samlingsbaserte tilbod den viktigaste utdanningsforma, følgt av nettbasert og stadbasete tilbod. Trøndelag har ein relativt jamn fordeling mellom dei ulike utdanningstypene, men har det til felles med dei to fylka lengst i nord at nett- og samlingsbaserte studentar utgjer godt over 60 prosent av studentane busett i fylket. Dette tilseier at fleksible utdanningstilbod som nett- og samlingsbaserte tilbod er særleg viktig for arbeidslivet og studentane i desse regionane.


Agder og Oslo har færrest studentar på samlingsbaserte tilbod når vi ser på bustadadressene til studentane. Berre 16 prosent av studentane busett i Agder, og 11 prosent av dei som er busett i Oslo, følger samlingsbaserte tilbod. For dei andre fylkeskommunane ligg denne andelen mellom 25 og 50 prosent. At samlingsbaserte tilbod ikkje er særleg utbreidd i Oslo heng truleg saman med at det er eit lite geografisk område, og lett tilgang på stadbasete tilbod. Det er litt vanskelegare å forklare at andelen i Agder er så mykje lågare enn i andre fylker. Ein oversikt over studentar etter bustad- og studiefylke kan sjåast i vedlegg V3.3.

3.3 Fordeling av studentar på fagområde

Når vi ser på fordeling av studentar på fagområde i figur 3.4, ser vi at auken i studenttalet i sektoren speglar seg i alle fagområde, bortsett frå samferdsel som har ein liten nedgang frå 2020 til 2021. Ein nedgang i talet på studentar innan ein kategori, anten han er reel eller relativ, treng ikkje vere ei negativ utvikling, då slike variasjonar kan spegle endra behov i arbeidslivet.

Når vi ser nærare på kategoriane, skil økonomi- og administrasjonsfaga seg ut som i tidlegare år. Frå 2020 til 2021 var det ein auke på 1 728 studentar, ein auke på 48 prosent. Tekniske fag har hatt ein auke på 26 prosent, om lag 2 266 studentar, medan helse- og velferd fag har auka med om lag 5 prosent. Dei kreative faga har hatt ein auke på 13 prosent, noko som utgjør 320 studentar. Kategorien anna hadde ein auke på 243 studentar, ein auke på 54 prosent.

Figur 3.4 Studentar per fagområde. 2017–2021



Vedlegg: V3.4

Kjelde: DBH-F

Som nemnt innleiingsvis i kapitelet er mykje av auken i studenttalet knytt til korte studietilbod under 30 studiepoeng. Heile 2 668 av den samla auken er knytte til desse korte tilboda, og dei er i all hovudsak knytte til fagområda teknisk og økonomi og administrasjon, i tillegg til kategorien uoppgitt. Dette heng mellom anna saman med koronapandemien, og alle tiltaka som vart sette i verk for å gje eit utdanningstilbod til grupper som i stor grad vart råka av permitteringar. Dette er i stor grad studentar på tilbod som har kome i stand gjennom ulike strakstiltak i samband med pandemien, slik som til dømes den store oppskaleringa av bransjeprogramma og andre prosjektbaserte ordningar.

Innan tekniske fag utgjør dei korte tilboda 1 120 av auken på 2 256 studentar, altså om lag halvparten. Blant dei korte tilboda er det størst auke knytt til Data/IT-fag ved TISIP, maskinteknikk ved Fagskulen Rogaland, og industriell digitalisering ved Fagskulen i Viken. I tillegg kjem dei om lag 850 studentane i kategorien uoppgitt, som er stor grad er knytte til tilbod til permitterte ved Fagskulen Kristiania. Av dei ordinære utdanningstilboda er auken innan tekniske fag i hovudsak knytt til Data/IT-fag og bygg og anlegg, og elles spreidd mellom elektro/energi, industri/kjemi og modellering.


Auken i økonomi- og administrasjonsfaga består av 1 021 studentar på korte studietilbod og 808 studentar på ordinære utdanningstilbod frå og med 30 studiepoeng. Det er i hovudsak innan reiseliv, leiingsfag og marknadsføring at vi finn auken innan dei korte tilboda. For dei ordinære tilboda ser vi ein nedgang i talet på reiselivsstudentar, samstundes som det er langt fleire på korte studietilbod innan dette området. Dette kan kanskje vere knytt til at dei korte studietilboda passar meir til behova for ein gruppe arbeidstakarar som i stor grad vart råka av permitteringar under koronapandemien. Prosjektbaserte tilskot knytt til pandemien er truleg ein viktig forklaring på denne auken i kortare studietilbod, dette gjeld truleg òg for tekniske fag. Kontorfag, leiing og marknadsføring var dei tilboda med størst auke innan økonomi- og administrasjon for dei ordinære tilboda på meir enn 30 studiepoeng. Denne utviklinga heng truleg saman med auken i talet på studieplassar innan dette fagområdet i 2020, slik vi òg peika på i fjorårets rapport. Tilstandsrapporten for høgare utdanning viser ei tilsvarande utvikling i økonomi- og administrasjonsfaga i UH-sektoren (HK-dir, 2022).

Figur 3.5 under viser den relative fordelinga av studentar etter fagområde. Størst andel har dei tekniske faga, med 39 prosent. Deretter kommer helse- og velferdsfaga med 22 prosent, og økonomi- og administrasjonsfag med 19 prosent. Medan vi tidlegare har snakka om «dei to store fagområda» i høgare yrkesfagleg utdanning – teknisk og helse- og velferd – må vi etter kvart snakka om «dei tre store fagområda»; teknisk, helse- og velferd og økonomi- og administrasjon. Som nemnt over er det særleg dei korte tilboda som aukar mest innan økonomi- og administrasjon i 2021. Om vi ser på andelen studentar berre innan dei ordinære tilboda på 30 studiepoeng og meir, er andelen økonomi- og administrasjonsstudentar berre på 16 prosent, eitt prosentpoeng meir enn i 2020.

Sjølv om ein ser ein relativ nedgang i helse- og velferdsfaga, frå 27 prosent av det samla studenttalet i 2019 til 22 prosent i 2021, aukar talet på studentar i reelle tal til over 6 100 studentar. Både helsefaga og oppvekstfaga har auka sidan 2017, med unntak av ein nedgang på om lag 150 studentar innan oppvekstfaga frå 2020 til 2021. Sett i lys av den store mangelen på arbeidskraft i helsesektoren, og den store utviklinga som skjer innan velferdsteknologi og ein aldrande befolkning med samansette behov, er det eit tankekors at andelen studentar innan dette fagområde søkk så klart. Det er likevel ikkje noko rart at den einskilde helsefagarbeidar ikkje har hatt anledning til å starte på ein utdanning i perioden vi no har lagt bak oss med pandemi, og eit ekstra stort arbeidspress på denne arbeidsgruppa.

Det er ikkje berre helse- og velferdsfaga som har ein relativ nedgang i studenttalet sett i høve til totalen. Både samferdsel og dei kreative faga har ein lågare andel av det samla studenttalet no enn tidlegare.

Figur 3.5 Andel studentar på utdanningstilbod fordelt etter fagområde. 2017–2021



Vedlegg: V3.5

Kjelde: DBH-F

Innan samferdselsfaga ser vi ein svak nedgang i det reelle talet på studentar, og ein nedgang på eitt prosentpoeng i høve til det samla talet på studentar. Nedgangen innan samferdsselfaga frå 2020 til 2021 er på 17 prosent (98 studentar) innan luftfartsfaga og 10 prosent (52 studentar) for dekksoffiserar. Maskinoffisersutdanninga har ein auke på 6 prosent, eller 20 studentar. Lokførarutdanninga, som er den absolutt mest populære utdanninga skal ein døme ut frå søkartalla til Samordna opptak, har ein auke på 38 prosent (50 studentar).

Dei kreative faga har ein samla auke på 13 prosent i høve til 2020 (323 studentar), medan den relative andelen av studenttalet går svakt ned frå 2020.

I samlekategorien *anna* finn vi små endringar, med unntak av dei grønne faga. Her ser vi ein auke på 231 studentar, eller meir enn ei dobling frå 2020. Litt meir enn halvparten av auken finn vi rett nok i tilbod under 30 studiepoeng. Auken innan dei ordinære tilboda på 30 studiepoeng og meir er likevel på om lag 50 prosent. Auken ser i stor grad ut til å vere knytt til akvakultur og planteproduksjon.

For eit oversyn over utviklinga av studentar fordelt på offentlege og private fagskular sjå vedlegg V1, V2, V5 og V6.

Figur 3.6 gir eit bilete av den prosentvise fordelinga av studentar innanfor dei ulike fagområda i dei ulike fylka. Nettbaserte tilbod er skilde ut i eigen kategori, då studentane ikkje kan plasserast geografisk ut frå fagskulens lokasjon. Vi ser at økonomi- og administrasjonsfaga dominerer blant dei nettbaserte tilboda, men at teknisk og helse- og velferd òg er godt representerte. Samferdsel har ingen nettbaserte tilbod. Sjå vedleggstabell V3.6 for talgrunnlag.


I dei fleste fylka utgjer studentar ved tekniske fag og helse og velferd minst to tredelar av studentmassen. Tre fylke skil seg likevel ut, av ulike årsaker; Oslo, Møre og Romsdal, og Nordland.

Oslo har ei samansett fordeling av studentar. Fordelinga ber preg av at dei fleste kreative utdanningstilboda er lokalisert her. Heile 38 prosent av studentane i Oslo er studentar ved kreative utdanningar. 24 prosent av studentane i Oslo tek tekniske fag og om lag 13 prosent er studentar ved helse- og velferdsfag.

I Møre og Romsdal er det ein særst høg andel studentar innan samferdsel (42 prosent, maritime fag), men òg ein stor andel på tekniske fag (44 prosent). Berre 8 prosent, er registrert ved helse- og velferdsfag i dette fylket, og ingen på økonomi- og administrasjon. Det er mogleg at talet er ekstra lågt fordi ein del studentar fell inn i kategorien nettbasert, men dette kan ikkje forklare den store skilnaden frå andre fylkeskommunar.

I Nordland er alle fagområda representert. Helse- og velferd har her den største andelen studentar med 31 prosent, etterfølgd av teknisk med 25 prosent.

Figur 3.6 Andel studentar etter fagområde og fylke. 2021



Vedlegg: V3.6

Kjelde: DBH-F

3.4 Kjønn og alder etter fagområde

Samla sett er kjønnsfordelinga blant studentar i høgare yrkesfagleg utdanning ganske jamn. I 2021 var 46 prosent kvinner og 54 prosent menn. Sett i høve til 2017 går utviklinga i klar retning mot ei meir lik fordeling, då det i 2017 var 57 prosent menn og 43 prosent kvinner. Samstundes er det framleis store kjønnskilnader innan dei einskilde fagområda – skilnader som i all hovudsak speglar den kjønnsdelte arbeidsmarknaden i Noreg.

Figur 3.7 viser andel studentar etter kjønn og alder. Dei kvinnelege studentane er nokså jamt fordelt i aldersgruppene, med ein liten overvekt i aldersgruppa 41–50 år, og deretter 20–24 år. Tatt i betraktning at kategorien 41–50 rommar fleire år enn dei andre, kan vi seie at fordelinga er svært jamn, men at den går ned med høgare alder.

For menn er variasjonen større mellom dei ulike alderskategoriane. Det er absolutt flest menn i kategorien 20–24 år og deretter 25–29 år, noko som speglar fordelinga i dei tekniske faga. Andelen menn går jamt nedover med alder. Vi veit ikkje om desse forskjellane mellom kvinner og menn skyldast forskjellar mellom kjønna når det gjeld ønske om utdanning, eller om det heng saman med ulike krav og vilkår i ein kjønnsdelt arbeidsmarknad.

Figur 3.7 Andel studentar etter kjønn og alder. 2021




Vedlegg: V3.7

Kjelde: DBH-F

Når vi ser på kjønnsfordelinga etter fagområde, ser vi dei velkjende store kjønnskilnadene innan ulike fagområde, jamfør figur 3.8. Figuren viser òg at denne kjønnsfordelinga er jamn over tid. Kvinner utgjør den største delen av studentar i alle fagområde, med unntak av tekniske fag og samferdsel, der andelen kvinner berre var på høvesvis 13 og 8 prosent i 2021. Innan helse- og velferd var 87 prosent kvinner, medan andelen var 69 prosent i økonomi- og administrasjonsfaga.

Figur 3.8 Andel studentar etter kjønn og fagområde. 2017–2021



Vedlegg: V3.8

Kjelde: DBH-F


Trass i at store kjønnskilnader framleis er tydelege i dei største fagområda, er det noko endring å spore i desse tala. Andelen kvinner i tekniske fag har meir enn dobla seg, og gått frå 6 prosent i 2017 til 13 prosent i 2021, i ei tid der det samla studenttalet har auka.2 av desse 13 prosentane kjem av auken i kvinner på korte modular innan tekniske fag. Dette betyr at det var om lag 1 400 kvinnelege studentar på tekniske fag i 2021. Av desse var 214 studentar på kortare modular, i all hovudsak innan data/IT-fag. Til samanlikning var det om lag 340 kvinnelege studentar totalt innan tekniske fag i 2017.

Endringane innan kategorien anna er knytt til at menn dei siste åra har utgjort ein stadig større andel av studentane innan dei grønne faga. Studentar på mat og drikke er nokolunde jamt fordelt, medan kvinner dominerer markant i fagområda religion og skjønnhetspleie.

På same måte som kjønnsfordelinga er å kjenne att frå år til år, ser vi stabilitet i aldersfordelinga på studentane i dei ulike fagområda, jamfør figur 3.9. Av den samla studentmassen var 54 prosent over 30 år. Til samanlikning var andelen studentar over 30 år ved høgskular og universitet på 26 prosent i 2021 (HK-dir, 2022, s. 18). Dette tydar at studentar i HYU skil seg frå UH- studenten, som omtala i innleiinga.

Det er få eller ingen studentar under 20 år anna enn i dei kreative faga og samferdselfaga. I dei kreative faga er det ikkje uvanleg at ein opptaksprøve tel meir enn arbeidserfaring, og då er det òg mogleg å ta opp yngre studentar. I dei maritime samferdselfaga er det òg ein lang tradisjon at ein søker seg til vidare utdanning like etter fagbrevet. Desse to fagområda skil seg òg ut med ei mindre heterogen alderssamansetning enn dei andre fagområda.

Figur 3.9 Andel studentar etter alder og fagområde. 2021



Vedlegg: V3.9

Kjelde: DBH-F

Innan dei tekniske faga er det tilnærma like mange studentar i aldersgruppa 20–24 år og 25–29 år, medan gruppa 30–34 er noko mindre. Alle aldersgruppene er representert innan det tekniske fagområdet, men det er færre studentar over 50 år, og svært få som er under 20 år i denne kategorien. Av dei om lag 1 000 studentane på tekniske fag som tok korte modular under 30 studiepoeng, var 54 prosent over 34 år. Av desse var heile 15 prosent over 50 år. Dette indikerer at dei korte modulane innan tekniske fag i stor grad har treft målgruppa eldre arbeidstakarar.

Innan helse- og velferdsfaga er alderskategorien 41–50 år den største gruppa, medan dei tre aldersgruppene mellom 25 og 40 år utgjer mellom 15 og 19 prosent kvar. I aldersgruppa over 50 år finn vi 12 prosent av alle studentane innan helsefaga. Det er om lag dobbelt så mange studentar over 50 år, samanlikna med tekniske fag. Det var berre 8 studentar under 20 år innan helse- og velferd, elles er studentane meir jamt fordelt mellom dei resterande aldersgruppene.

Økonomi- og administrasjonsfaga rekrutterer i stor grad jamt frå dei fleste alderskategoriane, men noko færre blant eldre, tatt i betraktning at desse dekkjer fleire årskull. Det er svært få studentar under 20 år.

Kategorien uoppgitt inneheld berre studentar på studietilbod under 30 studiepoeng, og der vi ikkje har informasjon om fagområde. Av alle 2 668 studentane på slike korte studietilbod, finn vi 874 i kategorien uoppgitt fagområde. I denne kategorien finn ein flest studentar i alderskategorien 41–50 år, som òg er den kategorien som rommar flest år. Nest største alderskategori er 35–40 år. Desse tala, saman med dei presentert om tekniske fag over, tyder at ein i stor grad har lykkast med å rekruttere litt eldre arbeidstakarar til denne type kompetansepåfyll. Fleire detaljar om samanhengen mellom alder og lengde på utdanningstilbod, kan ein sjå i vedlegg [V8](#).


3.5 Studentar på fleksible utdanningstilbod

Høgare yrkesfagleg utdanning skal vere attraktiv og tilgjengeleg for alle, òg for folk i arbeid, og sektoren tilbyr derfor i stor grad fleksible utdanningstilbod. Både korte og lengre utdanningar kan takast som deltidsstudiar og nett- og samlingsbaserte tilbod. Høgare yrkesfagleg utdanning rettar seg i stor grad mot fagarbeidarar som allereie er i jobb, og det er difor ikkje overraskande at deltid er den mest vanlege utdanningsforma, som figur 3.10 viser.

Høg andel deltidsstudentar i høgare yrkesfagleg utdanning

Deltidsstudentane utgjer 70 prosent av alle studentane i 2021 (jamfør vedlegg [V3.10](#)). I dei tekniske faga har 69 prosent denne utdanningsforma, og deltid er mest utbreidd i bygg og anlegg og elektro/energi, medan data/IT og petroleum i større grad har heiltidsstudentar. I helse- og velferdsfaga er så å seie alle studentane deltidsstudentar, medan 82 prosent av studentane innan økonomi og administrasjon studerer på deltid. I økonomi- og administrasjonsfaga er det eit skilje mellom marknadsføringsfaget, der heiltid er mest vanleg, og alle andre fag der deltid er mest utbreidd.

Figur 3.10 Studentar på heiltid og deltid etter fagområde. 2021



Vedlegg: V3.10

Kjelde: DBH-F

Samferdselsfaga og dei kreative faga skil seg markant ut i denne samanhengen òg. Berre nokre få studentar innan maritim-maskin var deltidssstudentar, elles var alle studentane heiltidsstudentar. Likeins studerte berre ein prosent av studentane innan kreative fag på deltid, noko som er ein reduksjon frå åtte prosent i 2020.

I kategorien anna er det stort sett dei religiøse faga og skjønnhetspleie som er heiltidsstudiar, medan vi i grønne fag og mat og drikke i hovudsak finn studentar på deltid.

Den høge andelen studentar på deltid viser at høgare yrkesfagleg utdanning treff eit behov i arbeidslivet og hos arbeidstakarane. Arbeidslivet er avhengig av høg og oppdatert kompetanse, og befolkninga må i større grad lære heile livet. Dette fordrar at fagskulane legg til rette for kompetanseheving for folk som ikkje først og fremst er studentar, men arbeidstakarar og familiefolk.

Det er ikkje overraskande at studentar innan tekniske fag og helse- og velferdsfag vel å vere deltidssstudentar. Opptaksgrunnlaget for desse studentane er i hovudsak yrkesfagleg utdanning med læretid og arbeid, og mange er i jobb parallelt med høgare yrkesfagleg utdanning.

Litt meir overraskande er det kanskje at det er 82 prosent deltidssstudentar innan økonomi- og administrasjonsfag. Det er ein auke frå 76 prosent i 2018. Det er ein høg del deltidssstudentar innan alle områda av økonomi- og administrasjon; leiing, kontor, økonomi og rekneskap, marknadsføring og reiseliv. Auken i talet på studentar i dette fagområdet har med andre ord i stor grad skjedd innan deltidssutdanningar. Ein firedel av deltidssstudentane i økonomi- og administrasjonsfaga er under 30 år.

Tabell 3.2 viser fordelinga av studentar på heiltid og deltid etter alder. Sjølv om tala viser ein samanheng mellom auka deltid i takt med auka alder, er det interessant at meir enn 38 prosent av studentane i kategorien 20–24 år òg er deltidssstudentar, stort sett på samlingsbaserte og stadbaserte tilbod. Dette tyder på at sjølv unge personar, som truleg har færre forpliktingar og kunne vald å vere heiltidsstudent om dei ønskte det, er i jobb og ynsker å behalde tilknytninga til arbeidslivet parallelt med utdanninga. Sjå vedlegg V9 for detaljar om studentar etter utdanningsform og andel av heiltid og deltid.

Tabell 3.2 Studentar på heiltid og deltid etter alder. 2021

Alder	Studentar på deltid	Andel deltid per aldersgruppe	Studentar på heiltid	Andel heiltid per aldersgruppe	Totalt
Under 20	63	15 %	355	85 %	418
20–24	2 549	38 %	4 184	62 %	6 733
25–29	3 911	67 %	1 900	33 %	5 811
30–34	3 852	80 %	952	20 %	4 804
35–40	3 693	86 %	584	14 %	4 277
41–50	4 020	90 %	440	10 %	4 460
Over 50	1 614	93 %	124	7 %	1 738
Totalt	19 702	70 %	8 539	30 %	28 241

Kjelde: DBH-F


Andelen deltidsstudentar aukar kvart år i høgare yrkesfagleg utdanning. Med eit stadig sterkare fokus på fleksibel og livslang læring i samfunnet, kan vi truleg vente ein auke i talet på deltidsstudentar i framtida.

Vekst i andel studentar ved nett- og samlingsbaserte utdanningstilbod

Som vi ser av figur 3.11 under, har det vore stor utvikling i tilhøvet mellom dei ulike utdanningsformene; *stadbasert undervisning*, *nettbasert undervisning* og *nettbasert med samlingar*. Dei to formane for nettbasert undervisning har auka markant dei siste åra, og famnar samla sett om langt fleire studentar enn den tradisjonelle stadbaserte utdanningsforma. Sektoren har som nemnd lange tradisjonar for fleksible utdanningstilbod, men stadbasert undervisning har likevel vore den mest vanlege forma for organisering av undervisning i høgare yrkesfagleg utdanning fram til 2021. I 2021 følgde heile 58 prosent av studentane eit utdanningstilbod med ein av dei to nettbaserte utdanningsformane.

Det er naturleg å peike på koronapandemien når vi ser ein slik utvikling. Tilhøva dei to åra tvinga fram eit auka fokus på alternativ til fysiske møteplassar. Tala viser at sektoren har klart å oppskalere dei digitale tilboda, og at studentane har valt å nytte seg av desse moglegheitene. Det er likevel viktig å peike på at utviklinga var godt synleg òg før pandemien, sjølv om han nok har sett fart på utviklinga.

Figur 3.11 Studentar etter utdanningsform. 2017–2021



Vedlegg: V3.11

Kjelde: DBH-F

I tilstandsrapporten frå 2021 blei det vist til ein studie av effektane av koronapandemien for universitets- og høgskulesektoren, og at negative erfaringar med tvungen overgang til nettundervisning kunne gi ein pendeleffekt der nettundervisning ville bli mindre ettertrakta når behovet for smittevern ikkje lenger er til stades (Solberg, m.fl., 2021). Det ble påpeika at det ikkje var sikkert at ein slik pendeleffekt ville gjere seg gjeldande i høgare yrkesfagleg utdanning då sektoren har ei ganske annleis gruppe studentar, og lange tradisjonar for fleksible utdanningstilbod for folk som er i arbeid ved sida av utdanninga. Det er for tidleg å seie noko om tida etter koronapandemien på grunnlag av 2021-tala, men dette er eit punkt som det blir interessant å følgje i åra som kjem.

Framvekst av studietilbod under 30 studiepoeng

Eit anna aspekt ved fleksibilitet i utdanninga som det har vore mykje fokus på dei siste åra, er korte modulbaserte studietilbod. Det har alltid vore studentar som har tatt enkelte emne frå ein utdanning, og ikkje heile tilbodet, men frå 2019 blei denne forma for tilbod sett meir i system gjennom tilskotsordninga treparts bransjeprogram for kompetanse. Fagskulane fekk moglegheit til å søke dispensasjon frå det som inntil 2021 var den nedre lovlege grensa for fagskuletilbod, 30 studiepoeng, og regjeringa sett fleire titals millionar kroner på å utvikle korte modular i samarbeid med arbeidslivet. Dette ga ein stor auke i slike korte tilbod, og vi begynner no å sjå effekten av dette i tala frå DBH-F, etter at rapporteringa blei justert i 2021 for å ta høgde for endringa.

Tidlegare hadde ikkje fagskulane moglegheit til å rapportere på studentar som berre tok delar av eit utdanningstilbod. Desse studentane vart registrert som studentar på eit lengre tilbod, og blei tald som fråfall når dei ikkje fullførte heile tilbodet. Etter omlegging av rapporteringa kan vi no sjå kor mange studentar som har valt å melde seg opp til slike korte tilbod. Vi kan òg sjå korleis fagskulane har rapportert at tilboda er finansiert, noko som er særleg interessant gitt den store satsinga på utvikling av slike korte tilbod dei siste åra.

Dei 2 668 studentane som følgde eit eller fleire studietilbod med færre enn 30 studiepoeng i 2021, følgde studietilbod med 10 studiepoeng i snitt.⁶ Meir enn 60 prosent av studentane (1 673) var knytt til tilbod finansiert gjennom eit bransjeprogram, jamfør tabell 3.3. Litt under 1 000 av studentane følgde eit kort tilbod som vi ikkje kjenner finansieringa til,⁷ medan berre 21 studentar er rapportert under kategorien «Industrifagskolen». Industrifagskolen er ikkje ein fagskule, men ein paraply for korte utdanningstilbod retta mot industri og bygg. Ordninga har opphav i bransjeprogramma, men blei finansiert med øyremerka driftsmidlar for første gang i 2021. Det er derfor sannsynleg fleire av studentane i kategorien bransjeprogram like gjerne kunne vore rapportert under kategorien industrifagskule. Du kan lese meir om bransjeprogramma i tekstboks 2 under, og om finansiering i kapittel 5.

Tabell 3.3 Studentar på korte studietilbod under 30 studiepoeng etter finansieringsform. 2021

Korte utdanningstilbod	Antal studentar
Alle andre kortare utdanningar	974
Bransjeprogram	1 673
Industrifagskolen	21
Totalt	2 668

Kjelde: DBH-F

Om lag 2 000 av studentgruppa som tek korte studietilbod under 30 studiepoeng, følger tilbod innan økonomisk- administrative fag og tekniske fag. Reiselivsfag og data/IT-fag er dei desidert største fagtilboda i denne studentgruppa med høvesvis 423 og 341 studentar. Deretter følger leiingsfag og industri/kjemi med 281 og 227 studentar.

Det er venteleg at talet på studentar som tek slike korte modular vil auke i åra som kjem. Bransjeprogramma held fram, og det er løyva øyremerka midlar til «Industrifagskolen». I tillegg er lova endra slik at fagskulane kan få akkreditert og finansiert slike korte modular på lik linje med dei tradisjonelle utdanningstilboda. Korleis forholdet mellom denne type utdanningstilbod og dei tradisjonelle, lengre utdanningane endar opp, blir eit tema for framtidige tilstandsrapportar. Her vil både behova til arbeidslivet, ynskja til studentar, og eventuelt styring gjennom tilskotsordningar vere med på å avgjere utviklinga.

⁶ Desse studentane er talt som enkeltindivid, som forklart i metodekapitelet. Fleire av studentane har tatt fleire modular, men vi tel dei berre ein gong.

⁷ Desse tilboda er anten finansiert gjennom den ordinære drifta til fagskulane, eller av andre prosjektbaserte midlar enn bransjeprogram og industrifagskolen.

Tekstboks 2 Bransjeprogram for kompetanseutvikling

Regjeringa har etablert treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling der staten og partane i arbeidslivet samarbeider om å auke deltakinga i kompetanseutvikling innanfor utvalde bransjar. Målet med bransjeprogramma er å sikre kompetanseutvikling i tråd med bransjane sine behov, slik at tilsette kan takle omstillingar og vere betre rusta for morgondagens arbeidsliv.

Opplæringstilboda som blir gitt i bransjeprogramma er for tilsette, permitterte og arbeidsledige i utsette bransjar. Dette er opplæringstilbod som kan takast i kombinasjon med jobb.

Sida 2018 har det blitt etablert tolv bransjeprogram for kompetanseutvikling. I 2021 fekk fagskular midlar til å utvikle tilbod innan følgande bransjar:

- Reiselivsnæringa
- Helsefag
- Elektro, automasjon, kraft- og fornybarnæringa
- Maritim næring
- Frisørnæringa
- Anlegg
- Mat- og drikkevareindustri
- Olje, gass og leverandørindustrien
- Industri- og byggenæringa


Kjelde: HK-dir

3.6 Opptaksgrunnlag

I 2021 var det 21 203 nye studentar som blei tatt opp til høgare yrkesfagleg utdanning. Dette er 4 969 fleire enn ved opptaket i 2020.

Opptaksgrunnlaget for desse nye studentane var i hovudsak yrkesfagleg kompetanse, med om lag 54 prosent. Dette er ein nedgang på tre prosentpoeng frå 2020, sjå figur 3.12. Ser ein på reelle tal blei det tatt opp 2 351 fleire nye studentar basert på yrkesfagleg kompetanse i 2021 enn i 2020. 27 prosent av dei nye studentane blei tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse, dette utgjer 1 736 studentar. Dette er ein auke på 2 prosentpoeng sidan 2020. Studentar med opptak på grunnlag av realkompetanse utgjorde 14 prosent av dei nye studentane i 2021, om lag den same andelen som året før. I overkant av 900 studentar blei tatt opp på *anna* grunnlag, som til dømes opptaksprøver til kreative utdanningar og liknande.

Figur 3.12 Nye studentar etter opptaksgrunnlag. 2018–2021



Vedlegg: V3.12

Kjelde: DBH-F


Som vi ser i figur 3.12 er fordelinga på dei ulike opptaksgrunnlaga nokolunde stabil. Dette er særleg interessant ettersom det er fagområdet økonomi- og administrasjon som har auka mest i talet på studentar – eit fagområde der det tradisjonelt sett er færre studentar med yrkesfagleg bakgrunn, enn i til dømes dei tekniske faga eller helse og velferdsfaga.

I 2020 var det ei markant auke i talet på nye studentar med yrkesfagleg kompetanse innan økonomi- og administrasjonsfaga, samanlikna med dei to føregåande åra. I 2020 hadde 41 prosent av studentane innan dette fagområdet yrkesfagleg opptaksgrunnlag, mot 23 og 25 prosent i 2019 og 2018. I 2021 har denne andelen gått noko ned igjen, til 35 prosent, og er no jamstor med gruppa som er tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse. Ei mogleg forklaring på det store oppsvinget av nye studentar med yrkesfagleg opptaksgrunnlag innan økonomi- og administrasjonsfaga er at desse tilboda treffe denne gruppa sine behov under koronapandemien. Bakgrunnstala seier oss at særleg dei korte tilboda under 30 studiepoeng har ein særleg høg andel med opptak på yrkesfagleg bakgrunn, med 46 prosent.

I figur 3.13 ser vi korleis aldersfordelinga er mellom nye studentar hausten 2021 fordelt på dei ulike opptaksgrunnlaga. Studentar som blir tekne opp på grunnlag av generell studiekompetanse er ei relativt homogen gruppe med tanke på alder. Meir enn 61 prosent av alle studentane med dette opptaksgrunnlaget er under 30 år.

Studentar tatt opp på grunnlag av realkompetanse har, ikkje så overraskande, ei motsett kurve i høve til generell studiekompetanse. Her er den største aldersgruppa 41–50 år. Heile 76 prosent av alle med opptak på realkompetanse er over 30 år. Med unntak av enkelte kunstfaglege utdanningar, må ein vere fylt 23 år for å kunne bli tatt opp på grunnlag av realkompetanse. Til samanlikning er 57 prosent av studentane med yrkesfagleg kompetansegrunnlag over 30 år når dei startar studiane. Studentar med opptak på grunnlag av yrkeskompetanse er jamnare fordelt i dei ulike alderskategoriane.

Figur 3.13 Nye studantar ved studiestart etter opptaksgrunnlag og alder. 2021




Vedlegg: V3.13

Kjelde: DBH-F

I figur 3.14 ser vi fordeling etter opptaksgrunnlag og fagområde blant *alle* som var registrert som studantar i 2021, inkludert dei som blei tatt opp *før* 2021. Fordelinga på opptaksgrunnlag innan dei ulike fagområda følger stort sett kjente mønstre, men med økonomi- og administrasjonsfaga som eitt viktig unntak. I dette fagområde har 32 prosent opptak på grunnlag av generell studiekompetanse, medan 39 prosent har opptak på grunnlag av yrkeskompetanse. Her har det skjedd ei stor endring sidan 2018. Då hadde 44 prosent av studentane opptak på grunnlag av generell studiekompetanse, medan yrkesfagleg kompetanse utgjorde 29 prosent. Denne endringa har kome samstundes som talet på studantar har auka betydeleg.

Figur 3.14 Studentar etter opptaksgrunnlag og fagområde. 2021



Vedlegg: V3.14

Kjelde: DBH-F

Andelen økonomi- og administrasjonsstudentar med yrkesfagleg kompetanse er høg både for tilbod over og under 30 studiepoeng, men høgast for tilbod under 30 studiepoeng (46 prosent). Av studentane med fag/sveinebrev finn vi flest innan kontor- og leiingsfag. Auken i talet på studentar med yrkesfagleg opptaksgrunnlag kan tyde på at økonomi- og administrasjonsfaga treff eit behov òg hos fagarbeidarar. Den særlege auken innan korte modular tydar på at dei står i arbeid medan dei studerer. Ei mogleg forklaring på utviklinga er at dette er kompetansebehov knytt til mellomleiarstillingar, eller arbeid som sjølvstendig næringsdrivande.

Ser vi på dei to største fagområda, teknisk og helse- og velferd, er yrkesfagleg kompetanse det mest vanlege opptaksgrunnlaget. Heile 82 prosent av studentane i helse- og velferdsfag er tatt opp på dette grunnlaget. Berre 2 prosent er tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse og 14 prosent på grunnlag av realkompetanse. På tekniske fag er 75 prosent av studentane tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse, 15 prosent på grunnlag av generell studiekompetanse og 9 prosent på grunnlag av realkompetanse. I 2020 var 81 prosent av studentane på tekniske fag tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse. Nedgangen i andelen som er tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse i tekniske fag er ein konsekvens av veksten i data/IT-fag, der heile 61 prosent var tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse.

Yrkesfagleg kompetanse er òg det dominerande opptaksgrunnlaget innan samferdselfaga, der 66 prosent av studentane er tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse. 3 prosent er tatt opp på grunnlag av realkompetanse, medan 22 prosent på grunnlag av generell studiekompetanse. Det er berre luftfartsfaga og lokførarutdanninga som har studentar som er tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse. Dei maritime utdanningane har i all hovudsak yrkesfagleg kompetanse som opptaksgrunnlag. Nokre få studentar er tatt opp på grunnlag av realkompetanse.

I kreative fag er generell studiekompetanse det dominerande opptaksgrunnlaget, med ein andel på 75 prosent. Meir enn 10 prosent blei tatt opp på grunnlag av realkompetanse og berre 5 prosent av studentane blei tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse. Heile 10 prosent blei tatt opp på grunnlag av anna kompetansegrunnlag, dette kan til døme vere opptaksprøvar. Du kan lese meir om spesielle opptakskrav i fagskulane på Samordna Opptak sine nettsider (Samordna opptak, 2022a).

Samordna opptak (SO) blei oppretta i 1994 av Utdanning- og forskingsdepartementet (Kunnskapsdepartementet) som eit service- og koordineringsorgan for opptak til grunnutdanningar ved universitetet og høgskular. 1. februar 2020 blei det for fyrste gong mogleg å søke Høgare yrkesfagleg utdanning gjennom SO. I 2021 koordinerte SO opptaket til 27 av 67 fagskular i sektoren. Dei offentlege fagskulane er pålagt å vere med. I tillegg har nokre få private fagskular valt å vere med i SO så langt.

Samordna opptak dekkjer berre desse fagskulane, og, med nokre få unntak, berre ordinære tilbod frå og med 30 studiepoeng med oppstart om hausten. Tala frå SO speglar derfor berre ein liten del av sektoren, og må nyttas med varsemd. Det er òg ein vanleg praksis at fagskular legg ut fleire studieplassar enn det dei har finansiering til for å sjå kor etterspurnaden er.

Nøkkeltal frå SO sin sluttstatistikk 2021 viser at det var 15 969 søkarar til dei studieplassane som var lyst ut gjennom SO. Av desse var det 11 264 søkarar som fekk tilbod om studieplass, og 7 659 som takka ja til studieplassen (Samordna opptak, 2022b).

Etter hovudopptaket opnar SO opp for søking til utdanningstilbod med ledige studieplassar (Samordna opptak, 2020). Av 504 tilbod som det var mogleg å søke på, blei 302 utdanningstilbod lagt ut på ledige studieplassar. Ledige studieplassar blir oftare brukt for høgare yrkesfagleg utdanning enn for universitet- og høgskuleopptaket.

Kjelde: HK-dir

3.7 Fullføring på normert tid

Fullføringstala er i år berekna på ein litt anna måte enn tidlegare år. Endringane er gjort for å styrke kvaliteten på berekningane. Hovudgrepa er stort sett av teknisk karakter, og er beskrevet i metodekapitlet. Eit viktig moment som må leggast til her òg er forståinga av normert tid, og handsaminga av fleksibilitet i utdanningstilboda. Ei sentral utfordring i berekninga av fullføring på normert tid er nemleg at mange tilbod har studiestart fire gongar i løpet av året. Dette bryt med den tradisjonelle forståinga av eit studieår, og derfor òg med måten rapporteringssystemet er rigga på. Kort fortald er det fleire studentar som fullfører etter dei gjeldande fristane for rapportering til DBH-F, men som likevel bør reknast som fullført på normert tid; dei har brukt tilnærma den mengda tid som svarer til omfanget av utdanningstilbodet, men følger ikkje det tradisjonelle studieåret. For å kompensere for dette har vi lagt til eitt ekstra semester i berekninga av fullføring på normert tid. Vurderinga er at fordelane med å fange opp fleksibiliteten i sektoren, er høgare enn ulempe ved å få med nokre studentar som ikkje fullfører på normert tid, men faktisk treng eit ekstra semester for å fullføre.

Ei openberr ulempe med denne tilnærminga er at vi for det siste året ikkje har eit ekstra semester å legge til utan å utsette teljetidspunktet og ikkje ha med siste år i tilstandsrapporten. Dette gir eit litt anna talgrunnlag for siste året, og eit litt lågare fullføringstal enn det vi ventar for 2021 etter rapporteringa i august 2022. Vi har likevel valt å presentere tal til og med 2021, fordi vi trur det å vise frem tal og metodar i seg sjølv vil bidra til diskusjon om statistikk og rapportering, og på sikt gi betre forståing og kvalitet på data.

Denne nye tilnærminga gir eit litt anna bilete av fullføring tilbake i tid, enn det vi presenterte i fjor. Årsaka til dette er først og fremst at vi omgår store delar av problematikken med fusjonar og endring av kodar på fagskulane. Det er likevel naudsynt å presisere at det framleis er feilkjelder knytte til dei rapporterte tala.

Med den nye metoden ser vi av tabell 3.4 at fullføringa på normert tid ligg stabilt på mellom 65 og 66 prosent med unntak av 2021. For fjoråret er talet på fullføring 63 prosent, men gitt utfordringane med fleksibilitet og fullføringstal som forklart over ventar vi at dette vil auke noko når neste rapporteringsrunde er unnagjort.

Tabell 3.4 Prosentdel fullført på normert tid. 2019–2021

Årstal normert tid	Antal opptatte studentar	Antal fullført på normert tid	Andel fullført på normert tid
2018	8 338	5 440	65 %
2019	7 445	4 920	66 %
2020	8 540	5 537	65 %
2021	9 704	6 130	63 %

Merknad: Tala for 2021 i tabellen er ikkje korrigert med ekstra semester (normert tid + 1 semester) og er dermed lågare enn tidlegare år.


Kjelde: DBH-F

I figur 3.15 ser vi fullføringstala brote ned på fagområde for dei tre siste åra. Innan tekniske fag ligg fullføringa på 63-64 prosent, medan samferdsel ligg på mellom 70 og 72 prosent. I dei kreative faga aukar fullføringa frå 64 prosent til 71 prosent i perioden. I kategorien *anna* går andelen fullføring markant ned i 2021, og då særleg innan mat og drikke, men her er talet studentar så lavt at dei ikkje gir særleg stort utslag på det samla biletet.

Det er særleg innan fagområda helse og velferd, og økonomi og administrasjon, at fullføringstalla går ned. Helse- og velferdsfaga går ned frå 64 prosent i 2019, til 60 prosent i 2020, og 59 prosent i 2021. Denne utviklinga fell saman med koronapandemien, og stemmar over eins med tilbakemeldingar vi får frå delar av sektoren om at mange helsefagstudentar har søkt om permisjonar på grunn av høgt arbeidspress i tida som har gått. Det vil bli særst interessant å følgje utviklinga i dette fagområdet framover, og følgje med på om studentane fullfører studia etter permisjonen.

I økonomi- og administrasjonsfaga går fullføringa frå litt over 70 prosent i 2019 og 2020, til 64 prosent i 2021. Nedgangen innan økonomi- og administrasjonsfaga er markant, men det går ned frå eit relativt høgt nivå, og ligg framleis over snittet for sektoren. Det har vore ein særleg høg vekst i talet på studentar på dette fagområdet. Mykje av auken har vore knytt til korte modular og ekstraordinære tiltak i samband med koronapandemien. Dette er tilbod som kanskje har lågare terskel for fråfall, mellom anna fordi tilhøva endra seg fort for ein del bransjar.

Figur 3.15 Fullføringsgrad på normert tid per fagområde for utdanningstilbud mellom 30 og 120 studiepoeng. 2019–2021




Vedlegg: V3.15

Kjelde: DBH-F

Figur 3.16 under viser òg at nedgang i fullføringa i stor grad er knytt til dei nettbaserte tilboda, både dei reint nettbaserte og nettbasert med samlingar. Redusert fullføring i både helse- og velferdsfaga og økonomi og administrasjonsfaga er særleg knytt til nett- og samlingsbaserte tilbod, sjå vedlegg V28. Dei stabbaserte tilboda innan økonomi- og administrasjonsfaga går ned frå heile 78 prosent fullføring til 72, som framleis er svært høgt. For stabbaserte tilbod innan helse- og velferdsfaga ligg fullføringa jamt på mellom 64 og 66 prosent.

Figur 3.16 Fullføringsgrad på normert tid etter utdanningsform for utdanningstilbud mellom 30 og 120 studiepoeng. 2019–2021



Vedlegg: V3.16


Kjelde: DBH-F

Figur 3.17 viser andel studentar på heiltids- og deltidsstudiar som har fullført på normert tid. For studentar på deltidsstudiar er fullføringsprosenten på 60 prosent i 2021; ned eitt prosentpoeng frå 2020 og tre frå 2019. Dette heng saman med nedgangen i helse- og velferdsfaga og økonomi- og administrasjonsfaga som omtala over. Desse to fagområda har ein høg andel av alle deltidsstudentane. Det er som venta at fullføringa blant deltidsstudentar ligg noko lågare enn for heiltidsstudentar, då dei oftare er i arbeid. Då er det gjerne fleire faktorar som kan påverke moglegheita til fullføring. Nedgangen frå 2019 må truleg sjåast i samband med koronapandemien som framheva over.

Fullføringa for studentar på heiltid ligg jamt på kring 70 prosent, noko som kan seiast å vere svært bra. At desse studentane ikkje ser ut til å ha blitt påverka av koronapandemien slik som deltidsstudentane er overraskande. Ein skulle kanskje tru at overgangen til nettbasert opplæring var større og vanskelegare for denne studentgruppa, som stort sett berre er knytte til eit undervisningsstad, og ikkje til nettundervisning. Når desse studentane likevel har halde oppe stor grad av fullføring, kan det kanskje forklarast med at det er ein høgare terskel å droppe ut av studiane for studentar som ikkje har ein jobb ved sida av studiane, slik vi reknar med at dei fleste på deltidsstudiar har.

I tillegg har fagskulane sett i verk fleire ulike tiltak for å bidra til å oppretthalde studieprogresjonen og betre studentanes kvardag gjennom pandemitida. Regjeringa fordelt totalt 30 millionar kroner til fagskulane i løpet av koronapandemien for at dei skulle ha midlar til å iverksette slike ekstraordinære tiltak. Det er svært truleg at det har vore lettare å treffe heiltidsstudentane, som òg i hovudsak er stadbasert, med slike tiltak, enn deltidsstudentane.

Figur 3.17 Fullføringsgrad på normert tid etter heiltid og deltid, for utdanningstilbod mellom 30 og 120 studiepoeng. 2019–2021




Vedlegg: V3.17

Kjelde: DBH-F

Studiar på deltid heng òg saman med alder og fagområde. Helse- og velferdsfaga har lågare fullføringsgrad enn dei andre fagområda (figur 3.15). Desse studentane er dei eldste studentane, og dei studerer i hovudsak på deltid. Derfor er det som venta at andelen som fullfører på normert tid er lågare blant dei eldre enn dei yngre. Kva som er årsakssamanhengen her er vanskeleg å seie sikkert, men truleg er jobb- og livssituasjon ein svært relevant faktor. Personar som har jobb og familie er stort sett eldre enn dei som ikkje har dette, dei er meir tilbøyeleg til å velje studiar på deltid, og det er derfor fleire faktorar som kan påverke fullføring negativt.

Figur 3.18 Fullføringsgrad på normert tid for utdanningstilbod på 30-120 studiepoeng, etter alder ved oppstart. 2021



Vedlegg: V3.18

Kjelde: DBH-F


3.8 Uteksaminerte

Utviklinga i uteksaminerte fagskulekandidatar kan gi eit supplerande perspektiv på sektoren i høve til studenttala og fullføring på normert tid. Ein uteksaminert fagskulekandidat er ein student som har fullført eit heilt vitnemålgjevande utdanningstilbod. Dette er ikkje knytt til gradar eller omfang av utdanningstilbodet. Desse tala viser kor mange fagskulekandidatar som kvart år går ut i arbeidslivet med ein ny eller styrka fagkompetanse. 10 897 studentar blei uteksaminert i 2021. Dette er ei auke på om lag 31 prosent frå 2020 og 62 prosent frå 2019.

I figur 3.19 ser vi utviklinga i tala for uteksaminerte fagskulekandidatar etter grad og utdanningslengde i perioden 2018 til 2021. Talet på uteksaminerte kandidatar aukar som venta stort sett kvart år i alle fagområde frå 2018 til 2020, med unntak av kategorien anna. Det er særleg i økonomi- og administrasjonsfag, helse- og velferdsfag og tekniske fag, at talet på uteksaminerte aukar. Som omtala over er det her pengane til nye studieplassar og utvikling av nye studietilbod gjennom bransjeprogramma i all hovudsak har gått.

For økonomi- og administrasjonsfaga ligg mykje av auken i kategoriane kortare utdanningstilbod (utdanningar mellom 30–59 studiepoeng) og kortare studietilbod (studietilbod under 30 studiepoeng). For helse- og velferdsfaga ligg auken i hovudsak på kortare utdanningstilbod og fagskulegrad, men òg kortare studietilbod. For tekniske fag er auken knytt til både høgare fagskulegradar og kortare studietilbod.

Figur 3.19 Uteksaminerte studentar per fagområde. 2018–2021



Vedlegg: V3.19

Kjelde: DBH-F

Som vi ser av figur 3.19 dukkar dei korte studietilboda under 30 studiepoeng (gul søyle) opp i 2020, og aukar i 2021. Dette viser utviklinga i kjølvatnet av bransjeprogramma, og dei ulike kompetansehevingstiltaka som vart sett i verk i samband med koronapandemien. DBH-F tilpassa rapporteringa i denne perioden slik at vi skulle få moglegheit til å følgje utviklinga av slike kortare tilbod. Tidlegare måtte studentane rapporterast på heile utdanningstilbod, sjølv om dei berre tok avgrensa modular. I 2021 blei den nedre grensa på 30 studiepoeng for akkreditering av utdanningstilbod oppheva (Innst. 517 L (2020-2021)), og vi ventar ein auke i slike kortare studietilbod framover.

Sjølv om dei absolutte tala aukar i alle kategoriar og fagområde, går den relative andelen kandidatar med høgare fagskulegrad og fagskulegrad ned i takt med at dei kortare tilboda under 60 studiepoeng veks fram. Etter kvart vil det vere interessant å sjå i kva grad dei korte studietilboda er *alternativ* til dei tradisjonelle utdanningane, og i kva grad kandidatar med ein fagskulegrad kjem tilbake til fagskulen får å få kompetansepåfyll i mindre modular.

Høgare fagskulegrad kvalifiserer til meisterbrev

Kandidatar som får ein høgare fagskulegrad frå ein rekke fagskuleutdanningar og oppfyller visse krav kan søke Meisterbrevnemnda om å få tittelen meister.⁸

Det er Meisterbrevnemnda som har ansvar for forvaltning og utvikling av meisterbrevordninga i Norge. Ansvar er heimla i lova om meisterbrev i handverk og anna næring (Meisterbrevloven, 2021). Meisterbrev er ei lovbeskytta tittel for handverkarar som tek ein meisterutdanning med faga bedriftsleiing, fagleg leiing og fagleg fordjuping, eller tilsvarende utdanning. Utdanninga skal setje handverkaren betre i stand til å starte og leie eiga bedrift og drive opplæring av lærlingar fram mot fag- og sveineprøve. Det er mogleg å få meister-tittelen i bilfag, byggfag, estetiske fag, grafiske fag, matfag, møbel og trefag og verkstadhandverksfag.

⁸ Har minst karakteren D i fordjupinga innan bestemte meisterfag og fyller vilkåra for meisterbrevknytt til fag-/sveinebrev og praksiskravet.

Av 567 kandidatar som kvalifiserte til meisterbrev i 2021, var det 184 som fekk tittelen på grunnlag av ein høgare fagskulegrad. Dei aller fleste av desse (108 personar) har fått meistertittel innan tømrrarfaget. Det var 41 personar som fekk meistertittel innan røyrleggarfaget. Dei andre som fekk tittelen meister fekk den etter å ha følgd meisterordninga sitt eige utdanningsløp eller etter ein realkompetansevurdering.⁹

3.9 Overgangar mellom fagskular og universitet/høgskular

Av alle studentane som uteksaminerast frå ein fagskule kvart år, er det nokon som vel å bli student ved eit universitet eller høgskule, anten med ein gong dei er ferdig, eller seinare. På same måte er det kvart år studentar som startar på ein høgare yrkesfagleg utdanning som har bakgrunn frå eit universitet eller høgskule.

Overgangsordningane for studentar som flyttar seg mellom dei to utdanningssektorane, er ikkje godt utvikla eller koordinert på tvers av institusjonar. Dette kan tidvis føre til unødige utfordringar for dei som ynskjer å bevege seg på tvers av sektorar. I fagskulemeldinga (Meld. St. 9 (2016–2017)) blei det presentert fleire tiltak for å legge til rette for overgangar mellom høgare yrkesfagleg utdanning og universitet/høgskular. Ved årskiftet 2020–2021 lyste HK-dir ut slike midlar til samarbeidsprosjekt mellom fagskular og universitet/høgskular. Det blei tildelt 7,5 millionar til sju prosjekt. Prosjekta hadde oppstart i 2021. Eitt av prosjekta er forventa avslutta i løpet 2022, medan dei resterande seks skal avsluttast i 2023. Parallelt med dette har NOKUT starta arbeid med ein rettleiar om slike overgangar.

Anten overgangsordningane er gode eller dårlege, er det som sagt slik at studentar beveger seg på tvers av desse to utdanningssektorane. I dette kapitlet skal vi sjå nærmare på desse overgangane.

Fagskulestudentar tidlegare registrert som studentar ved eit universitet eller ein høgskule

Vi veit lite om kva som ligg til grunn for at studentar tidlegare registrert ved eit universitet eller høgskule vel å søkje seg til ein fagskule. Ein vanleg teori er at dei ynskjer å utvide kompetansen sin med ei praktisk retta utdanning for å lettare å kome ut i arbeid, eller betre møte kompetansebehova innan feltet dei allereie jobbar innan. Det kan òg tenkast at det er studentar som har valt feil, og heller ynskjer ei meir yrkesretta utdanning. Truleg er begge desse forklaringane aktuelle.


Andelen studentar i høgare yrkesfagleg utdanning som tidlegare har vore registrert som student ved ein høgskule eller eit universitet har auka frå 16 prosent i 2018 til 25 prosent i 2021. Studentar med ein slik bakgrunn har med andre ord auka relativt sett meir enn studentar *utan* bakgrunn frå eit universitet/høgskule. Veksten i absolutte tal har gått frå om lag 2 748 studentar i 2018 til 7 088 i 2021 – altså ein auke på heile 158 prosent. Det er ein kjend mekanisme at dei som har mykje utdanning òg er dei som oftast tileignar seg endå meir utdanning. Om det er denne gruppa studentar fagskulane rekrutterer stadig fleire av, eller om dei evnar å rekruttere dei som fant ut at ei akademisk utdanning ikkje var det rette for dei, veit vi ikkje noko om endå. Dette er tal vi ikkje endå har kunne analysere, men det er mogleg å finne ut meir på grunnlag av eksisterande databasar.

I figur 3.20 ser vi korleis studentane med ein bakgrunn frå eit universitet/høgskule fordeler seg på fagområde i høgare yrkesfagleg utdanning. Andelen er høgast innan økonomi- og administrasjonsfaga. I 2021 hadde om lag 39 prosent eller 2 083 studentar innan desse

⁹ Alle tal i dette delkapitlet kjem frå Meisterbrevnemnda

faga, tidlegare vore registrert ved eit universitet/høgskule. Nest høgast andel finn vi i kategorien kreative fag, der 32 prosent eller 887 studentar tidlegare har vore registrert ved eit universitet eller ein høgskule. Dette er interessant med tanke på at dei kreative fagområda har ein høg prosent studentar i aldersgruppa 20–24 år. Den lågaste prosentdelen studentar som har vore registrert ved eit universitet/høgskule før dei starta på ein fagskule finn ein innan samferdsel, der berre 12 prosent av studentane har ein slik bakgrunn.

Figur 3.20 Fagskulestudentar tidlegare registrert ved UH-institusjon, etter fagområde. 2018–2021



Vedlegg: V3.20

Kjelde: DBH-F

Innan dei to største fagområda, tekniske fag og helse- og velferdsfag, er andelen studentar med bakgrunn frå eit universitet/høgskule på høvesvis 19 og 20 prosent, ein auke på tre prosentpoeng for teknisk og to prosentpoeng for helse. Sjølv om andelen er lågare enn til dømes i økonomi- og administrasjon og kreative fag, er det interessant å merke seg at det er ein tendens til at ein stadig høgare andel av studentane innan dei største fagområda har bakgrunn frå eit universitet/høgskule.

I perioden 2018–2021 auka antalet studentar på tekniske fag frå 6 624 til 10 863. Samstundes auka andelen som tidlegare hadde vore registrert som student ved eit universitet/høgskule med 4 prosentpoeng. Dette utgjer ei auke frå 772 til 2 115 studentar (174 prosent). Dei fleste av studentane med ein slik bakgrunn finn vi innan data/IT-fag. Om lag 45 prosent av dei 2 400 studentane som studerte data/IT-fag ved ein fagskule i 2021 hadde tidlegare vore registrert ved eit universitet/høgskule. Det er grunn til å tru at ein del av denne auken kan knytast til veksten i dei korte tilboda under 30 studiepoeng, og kanskje særleg data/IT-faga der ein stor andel har generell studiekompetanse som opptaksgrunnlag.¹⁰

¹⁰ Det er ikkje mogleg å rapportere på høgare utdanning som opptaksgrunnlag for ein høgare yrkesfagleg utdanning, så studentar med ein slik bakgrunn vil bli registrert med opptak på studiekompetanse på lik linje med dei som berre har vidaregåande utdanning.

Innan helse- og velferdsfaga ser vi òg ein auke i talet på studentar tidlegare registrert ved eit universitet/høgskule, frå 609 studentar i 2018 til 1212 studentar (20 prosent) i 2021. Andelen er nokon lunde lik mellom helsefaga og oppvekstfaga.

Fagskulestudentar registrert ved eit universitet eller ein høgskule etter avslutta høgare yrkesfagleg utdanning

Overgangar frå høgare yrkesfagleg utdanning til anna høgare utdanning er kanskje enklare å forklare enn andre vegen. Innan dei kreative faga veit vi at det er fleire som bruker fagskuleutdanninga som eit utgangspunkt for å kvalifisere seg til ein kunstutdanning på kunsthøgskule. Innan tekniske fag veit vi òg at det er ein del studentar som søker seg inn på ingeniørutdanningar etter at dei har fullført ein høgare fagskulegrad (UHR, 2021).

Tabell 3.5 viser tal på uteksaminerte fagskulekandidatar det året dei vart uteksaminert, og kor mange av desse som seinare er registrert som student ved eit universitet eller høgskule.

Tabell 3.5 Fagskulestudentar med fullført utdanningstilbod over 30 studiepoeng, seinare registrerte ved UH-institusjon. 2018–2021

Årstal	Antal fagskulestudentar det året dei vart uteksaminert	Antal uteksaminerte fagskulestudentar seinare registrert ved UH	Andel fagskulestudentar seinare registrert ved UH
2018	6 206	1 088	18 %
2019	6 689	1 128	17 %
2020	7 598	1 146	15 %
2021	9 311	935	10 %

Kjelde: DBH-F

Andelen er rekna ut frå det samla talet på uteksaminerte studentar for kvart år, og det er derfor naturleg at det er ein relativt lågare andel av studentane frå siste året som har vald å gå direkte vidare til nye studiar. At vi her ser på uteksaminerte studentar gjer mellom anna at det ikkje er relevant å samanlikne tala direkte med andelen som har bakgrunn frå eit universitet/høgskule som vist over, då det der ikkje var avgrensa til studentar med ein heil grad.

Det er likevel nesten 1 000 av dei om lag 9 300 fagskulestudentane som avslutta utdanninga si i 2021, som gjekk direkte vidare til anna høgare utdanning – altså var det 10 prosent av studentane som avslutta utdanninga si våren 2021 som vart tatt opp ved eit universitet eller høgskule hausten same år. Dette var 2 prosentpoeng færre i høve til tilsvarende tal hausten 2020, då 12 prosent av dei uteksaminerte kandidatane gjekk direkte vidare til høgare utdanning. I år ser vi av tabell 3.5 at andelen av 2020-kullet som har gått vidare til eit universitet/høgskule har auka til 15 prosent, 3 prosentpoeng fleire enn hausten 2020.

Ser vi tala for dei føregåande åra opp mot tala vi presenterte i fjorårets rapport, ser vi at mellom 160 og 220 studentar frå kvart av 2018, 2019 og 2020-kulla har gått vidare til høgare utdanning etter at vi presenterte fjorårets tal. Sjølv om tala er relativt låge, er det verd å peike på at det aukar for alle dei tre føregåande kulla i pandemiperioden. Denne utviklinga kan kanskje vere ein effekt av pandemi og dårlege utsikter til arbeid hausten 2020 og 2021. Det kan òg vere eit uttrykk for ei endring mot at fleire søker meir utdanning etter at dei er ferdige med ei høgare yrkesfagleg utdanning.

4 Fagskular og utdanningstilbod

I Fagskulemeldinga vart det fremja eit ynske om ei utvikling i retning av større og meir robuste fagskular som gir «*større faglig tyngde og kapasitet i fagmiljøene, i studentdemokratiene og i ledelse og administrasjon, noe som på sikt vil bidra til økt kvalitet i utdanningen.*» (Meld. St. 9 (2016–2017), s. 56). Dette målet har vore med på å prege utdanningspolitikken innan høgare yrkesfagleg utdanning dei seinare åra. Vi ser nå at sektoren beveger seg i retning av dette målet ved at det år etter år har vorte færre og færre institusjonar med stadig fleire studiestadar, både i den offentlege og private delen av sektoren. For dei offentlege heng utviklinga tett saman med fylkessamanslåingar, medan det i dei private heng saman med fusjonar og oppkjøp.

Vidare har Stortinget vedtatt eit mål om at høgare yrkesfagleg utdanning skal vere tilgjengeleg. Talet på utdanningstilbod, og måten utdanningane vert organisert på, er mål både på aktiviteten i sektoren generelt og på tilgjengelegheita til desse utdanningane.

I dette kapittelet skal vi sjå nærare på utviklinga til høgare yrkesfagleg utdanning med omsyn til desse måla.

4.1 Fagskular og studiestadar

Tabell 4.1 viser organisasjonsendringar i høgare yrkesfagleg utdanning i 2021. Fleire av organisasjonsendringane i sektoren dei siste åra heng saman med fylkessamanslåingar, det ser vi i Vestland, Møre og Romsdal og Troms og Finnmark.

Tabell 4.1 Organisasjonsendringar. 2021

Ny organisering i 2021	Tidlegare organisering	Eigarskap	Merknad
Fagskulen Vestland	Fagskulen i Hordaland Fagskulen Sogn og Fjordane	Offentleg	Samanslåing
Fagskolen Møre og Romsdal	Fagskolen i Kristiansund Fagskolen i Ålesund	Offentleg	Samanslåing
Ytre kunstfagskole	Ålesund kunstfagskole	Privat	Namneendring
Fagskolen i Nord	Fagskolen i Troms Nordkapp Maritime Fagskole Fagskolen Kirkenes	Offentleg	Samanslåing
Fagskolen Kristiania – Bårdar Akademiet	Bårdar Akademiet AS	Privat	Oppkjøp
Norges Fagakademi Kompetanse AS – Imageakademiet	Imageakademiet (Image People AS)	Privat	Oppkjøp
KRM Tekniske Fagskole AS		Privat	Ny
Campus BLÅ Fagskole AS		Privat	Ny
Norges friluftfagskole		Privat	Ny

Merknad: Fagskulen Vestland blei fyrst formelt oppretta 1.1 2022. I dataa blir denne fagskulen difor talt som to fagskular. Ettersom vedtaket om samanslåing ligg heilt tilbake til 2020, og det blei tilsett prosjektretor allereie i januar 2021, vil vi i tekst og tabellar omtale einingane som Fagskulen Vestland.

Kjelde: DBH-F

Samanslåing til større einingar ser vi òg blant dei private fagskulane. Fagskolen Kristiania kjøpte opp Bårdar Akademiet AS, men held på namnet Bårdar Akademiet då namnet er innarbeida og anerkjend i bransjen. Likeins kjøpte Norges Fagakademi Kompetanse AS opp Image People AS, og held på namnet Imageakademiet i marknadsføring.

Vi ser òg at det har kome til nye fagskular i 2021; KRM Tekniske Fagskole AS som i fleire år har vore kursleverandør innan drift og vedlikehald av maskineri og hydraulisk utstyr, er no akkreditert som fagskule. Campus BLÅ Fagskole AS som mellom anna tilbyr utdanningar innan havbruk, og Norges Friluftsfagskole som tilbyr utdanning for friluftsgaidar er også nye fagskular i 2021.

Talet på fagskular og studiestadar har endra seg gjennom året i 2021. Årsaka til dette finn ein i dei tidlegare omtalte endringane i sektoren som mellom anna samanslåingar som kan tre i kraft i løpet av eit kalenderår. Det tyder at det som var to fagskular i starten av eit år, har i løpet av året blitt til ein. Som nemnd i metodekapittelet opererer vi av den grunn med eit augneblinksbilete når vi tel fagskular og studiestader i år, og presenterer det som ble rapportert inn av fagskulane hausten 2021. Dette er ei endring frå tidlegare rapporter, der vi har talt både fagskular og studiestadar gjennom heile året.

Den omtala samanslåinga av fagskular tyder ikkje at fagskulane blir sentralisert og mindre tilgjengeleg for folk som bur rundt om i fylka. Når nye, større einingar er blitt oppretta, blir ofte dei gamle einingane vidareført som studiestader. Vi ser òg at fagskular opprettar nye studiestader, med utgangspunkt i kvar ein finn eit kompetansebehov i arbeidslivet. Nokre av studiestadene er oppretta anten på eller nær arbeidsplassen til dei som har kompetansebehovet, og eksisterer så lenge kompetansebehovet er der. Dette ser vi særskilt i samband med dei kortare studietilboda, men vi finn det også i samband med lengre utdanningar. Døme på dette er Fagskolen Vestland som har oppretta studiestad i Aker Solution sine lokalar på Stord, der dei tilbyr gradsutdanning innan tekniske fag. På same vis tilbyr Fagskolen i Viken kortare studietilbod innan Industriell digitalisert automatisering i Sunndal og Mo i Rana.

Av tabell 4.2 kjem det fram at det er store skilnader i talet på fagskular og studiestader i dei forskjellige fylka hausten 2021. I tabellen ser vi på fagskular som er registrert med hovudadministrasjon i fylket, medan ein studiestad blir talt om han har registrerte studentar. Vi gjer merksam på at fagskular kan vere registrert med studentar på studiestader i andre fylker enn der dei er registeret med hovudadministrasjon. Til døme har Fagskolen Viken ikkje berre registrerte studentar ved studiestader i Viken, der dei har hovudadministrasjon, men òg i Nordland og Vestland fylke. Eit anna døme er Folkeuniversitetet som har registrerte studiestader i fylka Viken, Vestland, Vestfold og Telemark, Trøndelag og Oslo.

Tabell 4.2 Fagskular og studiestadar per fylke. 2021

Fylke	Antal fagskular	Antal studiestader
Agder	5	14
Innlandet	4	9
Møre og Romsdal	2	5
Nordland	2	11
Oslo	20	27
Rogaland	4	9
Troms og Finnmark	1	6
Trøndelag	5	17
Vestfold og Telemark	7	16
Vestland	4	21
Viken	7	25
Totalt	61	160


Merknad: I talet på fagskular er Fagskulen Vestland tald som to einingar

Kjelde: DBH-F

Oslo, med sine 20 fagskular og 27 studiestader, er det fylket som har absolutt flest fagskular og studiestader. I andre enden finn ein Troms og Finnmark og Møre og Romsdal med høvesvis ein fagskule og seks studiestadar og to fagskular og fem studiestader. Om vi samanliknar med 2020 ser vi ein liten nedgang i talet på fagskular, frå 63 i 2020 til 61 hausten 2021. Samtidig har også talet på studiestader halde seg stabilt med ein liten oppgang frå 159 til 160 studiestader. I tillegg veit vi at ikkje alle lokasjonar der studentar får undervisning er registrert som ein studiestad. Dette kan til døme vere i samband med samlingar som blir gjennomført på hotell i nærleiken av der målgruppa for utdanninga held til.

Figur 4.1 viser den geografiske plasseringa til offentlege og private fagskular. Som ein ser er fagskulane sin hovudadministrasjon i stor grad plassert på det sentrale Austlandet og dei større byane. Ein ser også at det er få fagskular på Nordvestlandet og i Nord-Noreg. Det er først og fremst offentlege fagskular ein finn i distrikta og det er ingen private fagskular nord for Brønnøysund. Nokre private fagskular har likevel studiestadar i nord, og gjennomfører utdanningstilbod der, sjå Figur 4.3. I figur 4.1 finn vi att dei tre nye fagskulane som er omtalt i Tabell 4.1 Dette gjelder Norges friluftfagskole i Hemsedal, KRM Tekniske Fagskole på Geilo og Campus blå i Brønnøysund. Alle dei tre fagskulane er plasserte på stader der det ikkje var andre fagskular frå før.

Figur 4.1 Geografisk plassering av offentlege og private fagskular. 2021



Storleiken på ringane indikerer talet på fagskular i den einkilde kommunen.


For interaktivt kart, sjå: https://dbh.hkdir.no/static/files/dokumenter/fagskole/fagskule_kart.html

Kjelde: DBH-F

Talet på fagskular og plasseringa av fagskulane viser berre ein liten del av biletet av kvar i landet ein finn tilbod om høgare yrkesfagleg utdanning. For å få det riktige biletet av tilbodet innan høgare yrkesfagleg utdanning, er det naudsynt å sjå på talet på studiestadar og plasseringa av desse.

I figur 4.2 ser vi utviklinga i talet på studiestader fordelt på offentlege og private fagskular, hausten 2021. Som vi såg i tabell 4.2 er det samla talet på fagskular 61 hausten 2021. Av desse er 45 fagskular private, medan 16 er offentlege. Dette vil vi sjå nærmare på i kapittel 4.2. Som figur 4.2 viser, har talet på studiestader det siste året auka frå 90 til 93 for dei private fagskulane, medan talet på studiestader gjekk ned frå 69 til 67 for dei offentlege fagskulane i perioden 2020 til 2021. Det samla talet på studiestadar hausten 2021 er altså 160. Til samanlikning var talet på studiestader 159 på hausten 2020 og 135 hausten 2016. Auken heng som nemnt ikkje berre saman med nye etableringar, men òg at enkelte fagskular blir omgjort til studiestadar i samband med fusjonar. Sjå elles vedlegg V4.2 for fleire detaljar. Som nemnt i metodekapittelet, er det talet på studiestader som vert presentert i år eit augneblinksbilete frå hausten 2021. I tidlegare tilstandsrapportar såg vi på talet på studiestader gjennom heile året, noko som medførte at talet på fagskular i rapporten vart høgare enn det reelle talet.

Figur 4.2 Studiestadar ved offentlege og private fagskular. Haust 2011–2021




Vedlegg: V4.2

Kjelde: DBH-F

Figur 4.3 viser den geografiske fordelinga av dei 160 studiestadene ved dei offentlege og private fagskulane. For å telje som studiestad i oversynet må studiestaden ha registrert studentar ved teljetidspunktet hausten 2021. Figuren viser at studiestadene ved dei offentlege fagskulane er godt spreidd over heile landet, medan dei private fagskulane har få studiestader nord for Trøndelag. Bilete er likevel litt meir nyansert, då det ved private fagskular er ein langt høgare del av utdanningstilbod som er nettbaserte. Spørsmålet om studiestad blir mindre relevant for desse tilboda.

Figur 4.3 Geografisk plassering av studiestader ved offentlege og private fagskular. 2021



Storleiken på ringane indikerer talet på studiestader i den einkilde kommunen.

For interaktivt kart, sjå: https://dbh.hkdir.no/static/files/dokumenter/fagskole/studiestader_kart.html

Kjelde: DBH-F

4.2 Storleiken på fagskulane


Den sterke veksten i talet på studentar per fagskule som vi har sett tidlegare år, held fram i 2021. Dette heng ikkje berre saman med den generelle veksten i talet på studentar som vi har vist i kapittel 3, men òg med at det har blitt færre og større fagskular grunna oppkjøp og samanslåingar. Dette er som nemnd innleiingsvis i kapittelet ei tilsikta utvikling.

Figur 4.4 viser utviklinga over dei ti siste åra i talet på studentar og fagskular, skilde med omsyn til privat eller offentleg eigarskap.

I perioden 2012–2016 blei det omlag 2000 færre studentar ved private fagskular, og talet på private fagskular gjekk ned frå 66 til 47. Etter det har talet på private fagskular vore stabilt mellom 44 og 46. I perioden 2018–2021 har talet på studentar ved private fagskule vorte meir enn dobla. Den årlege veksten i studenttal vore mellom 10 og 32 prosent. Hausten 2021 var det ved teljetidspunktet 45 private fagskular, og totalt om lag 14 700 studentar ved dei private fagskulane.

Når det gjeld offentlege fagskular kan ein sjå ei noko anna utvikling. I perioden fram til 2018 var det ein nokså jamn reduksjon i talet på fagskular med eit snitt på nesten to fagskular årleg. Dette skyt fart i 2019 då det vart sju færre fagskular enn året før, og i 2020 var reduksjonen på ytterlegare ni fagskular. I 2021 ser vi ein reduksjon frå 19 til 16 offentlege fagskular. Utviklinga kan sjåast i samanheng med regionsreforma og samanslåinga av fylke. Når det gjeld studenttala ved offentlege fagskular var det ein nokså jamn oppgang frå 2012 til 2019, frå om lag 6 800 til 9 000 studentar. Den årlege veksten har variert mellom 0 og 7 prosent. I 2020 var det ein oppgang på nesten 23 prosent frå året før, medan oppgangen i 2021 var i underkant av 22 prosent. Ved teljetidspunktet på hausten 2021 var det 16 offentlege fagskular med eit samla studenttal på om lag 13 500 studentar. Sjå kapittel 3 for meir informasjon om studentane.

Figur 4.4 Fagskular og studentar etter eigarskap. 2012–2021




Vedlegg: V4.4

Kjelde: DBH-F

Figur 4.5 viser ei samanlikning av talet på fagskular etter storleik i åra 2016 og 2021. Her ser vi at det vert færre fagskular i storleikskategoriene med 500 studentar eller færre, medan talet på fagskular som har mellom 500 og 1000 studentar er det same i 2016 og 2021. I kategorien med dei største skulane ser vi ein stor vekst. I 2016 var det berre tre fagskular med meir enn 1000 studentar medan det i 2021 er registrert elleve fagskular med denne storleiken. Både i 2016 og 2021 er det registeret ein fagskule utan studentar. I 2016 dreier det seg om Petroleumteknisk Akademi AS som hadde studentar våren, men ikkje hausten 2016. I 2021 dreier det seg om den nyoppstarta fagskulen Campus BLÅ som ikkje hadde fått studentar på teljetidspunktet hausten 2021. Desse to fagskulane er ikkje tatt med i figur 4.5, men dei er likevel med i talmaterialet i vedleggstabellen til figuren.

Som nemnd tidlegare er ein viktig grunn til at det blir færre og større fagskular i stor grad samanslåingar og oppkjøp. Ein annan viktig grunn til denne utviklinga er den generelle auken i studenttalet. Tala i figur 4.5 viser tydeleg at sektoren er i ei utvikling på veg mot større og meir robuste einingar.

Figur 4.5 Fagskular etter storleik. Haust 2021



Vedlegg: V4.5

Kjelde: DBH-F


Figur 4.6 viser dei ulike fagområda i private og offentlege fagskular. Fagområdet helse og velferd er godt representert ved både offentlege og private fagskular, tretten offentlege fagskular og elleve private fagskular tilbyr utdanningar innan fagområdet helse og velferd. Tjuetre fagskular tilbyr utdanningar innan tekniske fag, fjorten av skulane er offentlege medan ni er private.

Fagområdet kreativt finn ein stort sett ved private fagskular. Av dei fjorten fagskulane som tilbyr kreative utdanningar er berre to offentlege. Ti av fjorten fagskular som tilbyr utdanningar innan samferdsel er offentlege. Innan denne kategorien finn ein til dømes utdanningar innan luftfart, som berre blir tilbydd av private aktørar, medan maritime utdanningar berre blir tilbydd ved offentlege fagskular.

Fagområdet økonomi og administrasjon finn ein ved sju offentlege fagskular og tretten private. Kategorien anna er ein samlekategori for alt frå grønne fag til religion og skjønnhetspleie. Utdanningar som ligg under kategorien anna vert tilbydd ved seks

offentlege fagskular og sju private. I kategorien uoppgitt finn ein stort sett studietilbod under 30 studiepoeng som i datagrunnlaget ikkje er plassert under eit fagområde. Sjå vedlegg V22 for data om fagskular etter fagområde og storleik i perioden 2017–2021.

Figur 4.6 Fagskular etter fagområde og eigarskap. Haust 2021




Vedlegg: V4.6

Kjelde: DBH-F

I Figur 4.7 ser vi på tal på fagskular etter fylke og storleik. Oslo har, med sine 20 fagskular, flest fagskular i alle kategoriane, både små, mellomstore og store fagskular. I fylka Møre og Romsdal, Nordland og Troms og Finnmark finn vi det lågaste tala på fagskular. I Troms og Finnmark er det berre ein fagskule. Denne er plassert i kategorien 501–1000 studentar. I Nordland finn vi to fagskular der den nyoppstarta fagskulen Campus BLÅ ikkje har fått studentar på teljetidspunktet, medan den andre fagskulen i fylket har 101–500 studentar, I Møre og Romsdal er det òg registrert to fagskular, ein med under 50 studentar og ein i kategorien 101–500. Vedlegg V21 inneheld tal på fagskular etter fylke og eigarforhold i perioden 2017–2021

Figur 4.7 Fagskular etter fylke og storleik. Haust 2021



Vedlegg: V4.7

Kjelde: DBH-F

4.3 Fagområdeakkreditering og utdanningstilbud

Fagområdeakkreditering inneber at NOKUT har godkjent at ein fagskule har høg nok kvalitet i systema sine til sjølv å akkrediterer sine utdanningstilbud innan det akkrediterte fagområdet. Det er eit mål at fleire fagskular skal oppnå ein slik status.

Tabell 4.3 viser kva fagskular som har fagområdeakkreditering og innanfor kva fagområde dei har den. Det har vore ei utvikling på dette området dei siste åra, men det er snakk om små endringar frå år til år. I fjor var det òg åtte fagskular med fagområdeakkreditering, men Bårdar Akademiet vart kjøpt opp og tok med seg sin fagområdeakkreditering innan kreativ til Fagskolen Kristiania. Som tabellen viser, fekk Fagskolen Vestland fagområdeakkreditering innan tekniske fag og den er soleis den einaste nye fagskolen med fagområdeakkreditering i 2021. I tillegg fekk Fagskolen Innlandet akkreditering innan to nye fagområde; helsefag og landbruk. I 2021 var det altså to fagskular som fekk fagområdeakkreditering innan tre fagområde. Desse er markert med «ny 2021» i tabellen.

Det er no 8 fagskular med til saman 14 fagområdeakkrediteringar. Fagskolen Kristiania er fagskolen som har akkreditering for flest fagområde. Heile seks av dei åtte fagskulane med akkreditering har det innanfor helse og velferd. Dette gjer helse og velferd til det fagområdet flest har akkreditering innan. Fire fagskular har akkreditering innan tekniske fag.

Tabell 4.3 Fagskular med fagområdeakkreditering. 2021

Fagskule	Fagområde
AOF Fagskolen	Helse og velferd
AOF Norge	Helse og velferd
Fagskolen i Viken	Helse og velferd Teknisk
Fagskolen Innlandet	Teknisk Helsefag- ny 2021 Landbruksfag- ny 2021
Fagskolen Kristiania	Helse og velferd Kreativ Teknisk Økonomi og administrasjon
MedLearn AS	Helse og velferd
Norges grønne fagskole - Veia	Grønne design og miljøfag
Fagskolen Vestland*	Tekniske fag – ny 2021


Merknad: * Akkrediteringa blei gitt til Fagskolen i Hordaland, men er overført til den nye eininga

Kjelde: NOKUT

Figur 4.8 viser utviklinga i tal på utdanningstilbud i perioden frå 2017 til 2021. I 2021 finn ein flest utdanningstilbud under helse og velferd etterfølgt av dei tekniske faga. I midten finn ein økonomi- og administrasjonsfag og kreative fag. Færrast utdanningstilbud finn ein innan samferdsel og kategorien anna. I 2021 er det i tillegg 23 utdanningstilbud som ikkje har oppgitt fagområde. Dette vil i stor grad vere utdanningstilbud på mindre enn 30 studiepoeng. Veksten ein har sett frå botnåret 2018 held fram i 2021 også. Figuren viser også tydeleg at denne veksten har skjedd innan kategoriane helse og velferd, teknisk og økonomi- og administrasjon. Denne utviklinga må sjåast som eit resultat av endringane i fagskulepolitikken etter at fagskulemeldinga (Meld. St. 9 (2016–2017)) vart vedtatt. Det vart mellom anna peika på at det trengst ein vekst i sektoren, og det vart oppretta

utviklingsmidlar til mellom anna utvikling av nye utdanningstilbod som fagskulane kunne søke på. I tillegg har det kome ulike kompetansopolitiske tiltak som har bidratt til utvikling av fleire utdanningstilbod i sektoren.

Figur 4.8 Utdanningstilbod etter fagområde per år. 2017–2021



Vedlegg: V4.8

Kjelde: DBH-F

4.4 Fagskulegradar og studiepoeng


I kapittel 3.1 såg vi på studentane i høgare yrkesfagleg utdanning fordelt på dei ulike studie- og utdanningstilboda etter omfang. Der såg vi at dei fleste studentane i 2021 følgde utdanningstilbod som gir ein høgare fagskulegrad (43 prosent) eller fagskulegrad (35 prosent), medan 13 prosent følgde kortare utdanningstilbod på mellom 30 og 59 studiepoeng. Vi såg og ei utvikling der stadig fleire tek kortare studietilbod på mellom eitt og 30 studiepoeng. I 2021 gjaldt dette 9 prosent av studentmassen. Desse tala er eit uttrykk for korleis «lære heile livet» slår ut i praksis i høgare yrkesfagleg utdanning.

Vi skal no sjå på studie- og utdanningstilboda etter omfang fordelt på fagområde. Figur 4.9 viser den prosentvise fordelinga av studietilbod under 30 studiepoeng, utdanningstilbod mellom 30 og 59 studiepoeng, fagskulegradar og høgare fagskulegradar innan kvart fagområde i 2021. Det var totalt 1 520 utdanningstilbod i høgare yrkesfagleg utdanning. Teknisk og helse og velferd er dei to største fagområda. Vedleggstabell V24 viser at fagskulegrad og høgare fagskulegrad er dei dominerande kategoriane, med høvesvis 670 og 431 utdanningstilbod.

I figur 4.9 ser vi at utdanningstilboda innan samferdsel gir fagskulegrad eller høgare fagskulegrad. Heile 73 prosent er på 120 studiepoeng og er høgare fagskulegradar. Også innan kreativ og tekniske fag er det høgare fagskulegrad som dominerer, med høvesvis 55 og 62 prosent. I tillegg finn ein kortare tilbod både under 30 studiepoeng og mellom 30 og 59 studiepoeng innan desse fagområda, særskilt innan tekniske fag. Av 443 tilbod innan

tekniske fag, er 17 prosent av tilboda under 30 studiepoeng, medan åtte prosent er kortare utdanningstilbod mellom 30–59 studiepoeng. Sjå vedlegg V23 for fleire detaljar.

Figur 4.9 Utdanningstilbod etter fagområde og studiepoeng. Haust 2021



Vedlegg: V4.9

Kjelde: DBH-F

Helse og velferd er det fagområdet med flest utdanningstilbod, med 495 tilbod. Her er det fagskulegradane som dominerer med om lag 80 prosent av utdanningstilboda, og det er berre to tilbod som kvalifiserer til høgare fagskulegrad. 16 prosent av tilboda er kortare utdanningstilbod (30–59 studiepoeng) medan 4 prosent er kortare studietilbod på under 30 studiepoeng.

Innan økonomi- og administrasjonsfaga, med 299 tilbod, er det ei nokså jamn fordeling mellom utdanningstilbod som gir fagskulegrad (41 prosent) og kortare utdanningstilbod på mellom 30 og 59 studiepoeng (over 30 prosent). 21 prosent av tilboda innan økonomi- og administrasjon er studietilbod under 30 studiepoeng og berre 8 prosent av tilboda kvalifiserer til høgare fagskulegrad.

Anna er som nemnd ein samlekategori for alt frå grønne fag og mat og drikke til religion og skjønnepleie, og utgjer til saman 60 tilbod. I denne kategorien er flest tilbod som gir ein fagskulegrad (43 prosent). 33 prosent er kortare utdanningstilbod mellom 30 og 59 studiepoeng, medan 17 prosent av tilboda kvalifiserer til høgare fagskulegradar. 7 prosent av tilboda er studietilbod under 30 studiepoeng.

I kategorien Uoppgitt er det 23 tilbod. 87 prosent av desse er kortare studietilbod på mindre enn 30 studiepoeng.

Den årlege utdanningskvalitetsprisen på ein million kroner skal påskjønne framifrå arbeid med utdanningskvalitet i norsk akkreditert høgare yrkesfagleg utdanning, og stimulere institusjonane til systematisk arbeid med å vidareutvikle kvaliteten på utdanningane sine. I 2021 gjekk prisen til Fagskolen i Viken for arbeidet med å utvikle utdanninga «Observasjons- og vurderingskompetanse i helsetjenesten»

Utdanninga er modulbasert med seks modular, kvar på ti studiepoeng. Tilbodet er utvikla i samarbeid med Østfold Fylkeskommune, Sarpsborg kommune, Indre Østfold Kommune, Utviklingssenteret for sykehjem og hjemmetjenester (USHT) og fagorganisasjonane Fagforbundet og Delta. Tilbodet tok utgangspunkt i kompetansebehova til dei tilsette og verksemdene, og bygger på dei uttalte behova til helsetenestene nasjonalt, regionalt og lokalt. På bakgrunn av dette definerte partane eit behov for kompetanseheving for helsefagarbeidarar med vidareutdanning i observasjons- og vurderingskompetanse. Det er lagt vekt på fleksible løysingar, og utdanninga er derfor nettbasert med samlingar. Studentane kan velkje å ta ein eller fleire modular, og eventuelt bygge saman til ein fagskulegrad på 60 studiepoeng.

Vidareutdanninga skal gje spisskompetanse innan observasjons- og vurderingsmetodikk for å bidra til tidleg oppdaging av funksjonssvikt og forverra helsetilstand hos pasientar/brukarar. Målgruppa for utdanninga er personell i kommunal helse- og omsorgsteneste, fagarbeidarar som helsefagarbeidar, hjelpepleiar, omsorgsarbeidar og andre aktuelle faggrupper.

Dette er ein enkel og fleksibel måte å oppdatere kompetansen på etter behov. Kommunane har kontinuerleg drift og det er derfor lagt til rette for at arbeidsgjevar sender medarbeidarar i utdanning. Utdanninga har fokus på praktisk simulering og ferdigheitstrening, og delar av utdanninga vil kunne utførast på arbeidsplassen under rettleiing.


Kjelde: Fagskolen i Viken

4.5 Studium på heil- og deltid

Eit mål innan høgare yrkesfagleg utdanning er at den skal vere attraktiv og tilgjengeleg også for folk som er i arbeid. Derfor er det ikkje overraskande at majoriteten av tilboda i høgare yrkesfagleg utdanning er lagt opp som deltidsstudium.

I figur 4.10 ser vi at det er store skilnader mellom tilbod på heiltid og deltid mellom dei ulike fagområda. Innan dei tre store fagområda helse og velferd, teknisk og økonomi- og administrasjon, er ei stor overvekt av utdanningstilboda på deltid. Dette er særst utprega innan helse og velferdsfaga der det nesten berre er deltidsstudium. I andre enden av skalaen finn vi samferdselsfaga som nesten berre har heiltidsstudium, samt kreative fag som har ei overvekt av heiltidsstudium.

Figur 4.10 Utdanningstilbud på heiltid og deltid etter fagområde. Haust 2021



Vedlegg: V4.10

Kjelde: DBH-F

At helse og velferdsfaga er dominert av utdanningstilbud tilrettelagt for deltidsstudium kan truleg forklarast med både arbeidslivets behov og studentane sine val. Som vi har sett i kapittel 3.4 er 58 prosent av studentane innan helse og velferd over 34 år, noko som kan tilseie at dei har familie og fast jobb. Vidare er det kjent at helsesektoren har mangel på kvalifisert arbeidskraft, noko som kan påverke i kva grad ein kan få innvilga permisjon for å studere på heiltid.

Når det gjeld dei tekniske faga, var det fram til 2019 ei lita overvekt av heiltidsstudium. Vi ser no ei utvikling i klar retning av ei overvekt av deltidsstudium. Frå 2020 til 2021 har delen av deltidsstudium innan tekniske fagområde auka med 24 prosent, deltidsstudiar utgjør no meir enn 60 prosent av tilboda. Dette viser at fagskulane tilpassar tilboda etter behova til studentar som er i jobb parallelt med utdanninga.

Økonomi- og administrasjonsdaga hadde ei overvekt av deltidsstudium allereie i 2019. Vi ser likevel ei trend i retning av fleire deltidsstudium. Frå 2020 til 2021 har delen av deltidsstudium innan denne kategorien auka med om lag 21 prosent.

4.6 Stadbaserte, samlingsbaserte og nettbaserte utdanningar


Når ein ser det samla talet på studietilbod innanfor ulike utdanningsformer i høgare yrkesfagleg utdanning, er flest tilbod framleis organisert som stadbasert undervisning, med om lag 61 prosent. Som vi såg i figur 3.11 i kapittel 3 følger likevel ein klar overvekt av studentane (57 prosent) nett- eller samlingsbaserte utdanningstilbod. Vi ser òg ein tendens til at mykje av veksten i studietilboda det siste året kjem innan samlingsbaserte og nettbaserte utdanningar. Sjå vedlegg V25 for detaljar om utviklinga i studietilbod etter fagområde og utdanningsform i perioden 2017–2021.

Utviklinga kan sjåast i lys av koronapandemien, der ein fekk auka fokus på digitalisering og alternativ til fysisk undervisning. Sjølv om koronapandemien truleg har satt fart på utviklinga, var utviklinga godt synleg òg før pandemien. Tala viser at sektoren har klart å oppskalere

dei nett- og samlingsbaserte tilboda, og at studentane har valt å nytte seg av desse moglegheitene. Som nemnd er det eit mål at høgare yrkesfagleg utdanning skal vere attraktiv og tilgjengeleg for folk som er i arbeid og uavhengig av kvar dei bur. Dette krev fleksibilitet og at fagskulane tek i bruk fleire utdanningsformer for å svare på kompetansetrongen til arbeidslivet nasjonalt, regionalt og lokalt.

I figur 4.11 ser vi på tal på studietilbod innanfor ulike utdanningsformer etter fagområde. Figuren viser at innan fagområda teknisk, økonomi- og administrasjon og anna, har under halvparten av tilboda stadbasert undervisning. Innan desse fagområda er det altså fleire tilbod som har nettbasert og samlingsbasert organisering enn stadbasert. Om ein ser dette i samanheng med figur 3.11, som viser tal på studentar etter utdanningsform, så ser ein at desse fagområda utgjør om lag 60 prosent av studentane. Dette forklarar kvifor det er fleire studentar som følgjer nett- eller samlingsbasert utdanningar, sjølv om tala på stadbaserte utdanningstilbod i figur 4.11 til saman utgjør om lag 61 prosent av utdanningstilboda.

Figur 4.11 Studietilbod innan ulike utdanningsformer etter fagområde. 2021



Vedlegg: V4.11

Kjelde: DBH-F

Tilnærma alle utdanningstilboda (95 prosent) innan fagområdet samferdsel har ein stadbasert organisering. Liknande tendensar ser ein òg for dei kreative faga, der om lag 81 prosent av tilboda er stadbasert.

Innan helse- og velferdsfaga er 75 prosent av tilboda stadbasert. Samstundes er tilnærma alle tilboda organisert som deltidsstudiar, noko som medfører at studenten kanskje berre er på skulebenken ein gong i veka. Dette lar seg enklare kombinere med jobb enn fysisk oppmøte kvar dag.

I kategorien uoppgitt, der ein stort sett finn kortare studietilbod på under 30 studiepoeng er dei fleste utdanningstilbod enten nettbasert (74 prosent) eller nettbasert med samlingar (22 prosent).

5 Styring og økonomi

I dette kapitlet skal vi sjå på finansieringa av høgare yrkesfagleg utdanning, og korleis ho vert styrt gjennom tilskot. Fagskular har i hovudsak tre finansieringskjelder for drift; statleg driftstilskot frå Kunnskapsdepartementet, tilskot frå fylkeskommunane sine frie midlar og studentbetaling. I tillegg kjem om lag 321 millionar kroner inn i sektoren i form av ulike prosjektmidlar, og andre tilskot frå ulike offentlege organ direkte til enkelte fagskular.

5.1 Styring gjennom tilskot

Høgare yrkesfagleg utdanning skal svare på arbeidslivets behov, og gi kompetanse som kan takast i bruk i arbeidslivet utan vidare opplæring. Slik sett skal sektoren bli styrt av behova i arbeidslivet. Representantar frå arbeidslivet skal delta i styra til fagskulane, og tilbod skal utviklast med utgangspunkt i kva behov som finst. Fleire fagskular involverer representantar frå arbeidslivet i dei lokale faglege råda. Dei store samanslutningane som representerer arbeidsgivar og arbeidstakersida er òg sentrale i politikktutforminga for sektoren, mellom anna gjennom Nasjonalt fagskuleråd og fleire nasjonale faglege råd.

HK-dir er sett til å forvalte systemet for tilskot til drift av høgare yrkesfagleg utdanning. Tilskotsordninga inneheld eit grunntilskot og ei resultatbasert utteljing. Endring i den resultatbaserte utteljinga blir berekna på grunnlag av endringar i studiepoengproduksjonen frå eit år til neste for tilbod som er offentleg finansiert. Frå 2020 til 2021 utgjorde endringa i den resultatbaserte utteljinga om lag 5,3 millionar kroner. Denne vil auke mykje meir dei neste åra, då effekten av den store auken i talet på studentar først vil gi utslag i 2022 og 2023.

Når det kjem til den økonomiske styringa av driftstilskot til høgare yrkesfagleg utdanning er myndigheita lagt til fylkeskommunane. Dei overordna måla og grunnleggande retningslinjer for forvaltninga, er likevel sett av Kunnskapsdepartementet, og forvalta av HK-dir. Dei overordna måla med driftstilskotet er at det skal bidra til høg kvalitet i utdanninga, at utdanninga skal vere yrkesretta, vere lett tilgjengeleg for studentane, og at sektoren skal vere effektiv og solid.

Fylkeskommunane lyser kvart år ut midlar til sektoren på grunnlag av løyvingane frå statsbudsjettet til drift av høgare yrkesfagleg utdanning. Kor mykje som vert lyst ut kvart år vil avhenge av om det er nye studieplassar å fordele, eller om det er tilbod som ikkje lenger skal finansierast. Mykje av midlane vil kvart år vere bundne til tilbod som allereie er i gang. Fordelinga av midlar skal skje etter politiske prioriteringar, med utgangspunkt i vurderingar av arbeidslivets behov lokalt, regionalt og nasjonalt. Dette er ein viktig komponent i rolla som kompetansepolitisk aktør. Fylkeskommunen har jamfør fagskulelova §3 ansvar for å sikre at det blir tilbydd høgare yrkesfagleg utdanning i samsvar med behova for kompetanse lokalt, regionalt og nasjonalt. Måten fylkeskommunane arbeider for å kartlegge arbeidslivets behov, og gjere prioriteringar på faglege tilbod i høgare yrkesfagleg utdanning, varierer mellom fylka, og arbeidet er i ei formingsfase.

I tillegg til styring gjennom driftstilskot kjem styring gjennom ulike prosjektbaserte midlar, som vist innleiingsvis i kapittel 5.1. Utforminga av slike utlysingar er òg ei form for styring. Eit døme på dette er bransjeprogramma for kompetanse, som bidreg til å utvikle målretta tilbod retta mot konkrete bransjar. Eit anna døme er utviklingsmidlane som bidreg til auka


fokus på kvalitetsfremjande tiltak. Eit tredje døme er tilskotsordningar for å styrke tilgangen på fleksibel og desentralisert utdanning i heile landet.

5.2 Finansiering av høgare yrkesfagleg utdanning

Fagskulesektoren består av fagskular med ulike strategiar for finansiering. Både offentlege og private fagskular kan søke om offentlig tilskot til drift. Eit slikt tilskot er stort sett følgd av eit krav om at utdanningane med eit slikt tilskot skal vere gratis, eller berre ha ei avgrensa studentbetaling. Private fagskular som vel å ta i mot offentlig finansiering av utdanningstilbod, kan ikkje foreta utdelingar/utbyte (Fagskoleloven §29, 2021). Eit relevant skilje for å forstå sektoren er difor ikkje berre privat og offentlig eigarskap, men òg om lærestadene er kommersielle eller ikkje-kommersielle. Nokre fagskular ynskjer ikkje å søke om statleg tilskot fordi dei driv kommersielt, medan andre private fagskular søker så mykje offentlig tilskot som mogleg for å kunne tilby utdanningane gratis. Dette skiljet er relevant for å få ei betre forståing av fordelinga av offentlig tilskot.

Samla sett disponerte fagskulesektoren om lag 2,2 milliardar kroner i 2021. Dette er nær 329 millionar kroner meir enn i 2020. Denne auken er tilnærma like stor som auken var frå 2019 til 2020. Som tidlegare år kan ikkje heile auken tilskrivas ein reell auke i tilskot til sektoren. Noko av auken kjem av betre rapportering og at vi identifiserer stadig fleire kjelder som vi tidlegare ikkje hadde oversikt over. Dette blir utdjupa under.

Figur 5.1: Ulike finansieringskjelder. 2021



Vedlegg: V5.1

Kjelder: HK-dir, Udir, Statsbudsjettet 2021, Årsrapport 2021 Norsk Hestesenter.

Statlege driftsmidlar forvalta av fylkeskommunane

I 2021 vart i overkant av ein milliard kroner løyvd av Stortinget til drift av høgare yrkesfagleg utdanning over budsjettet til Kunnskapsdepartementet (KD).¹¹ Av desse fekk fylkeskommunane overført 987 millionar kroner (jamfør blått felt i figur 5.1), om lag 150 millionar meir enn i 2020. Dei resterande 37,8 millionane var øyremerka til korte vidareutdanningstilbod til industri og bygg, og vart derfor forvalta av HK-dir som søknadsbaserte midlar for fagskulane. Desse midlane finn ein derfor att under kategorien *prosjektbaserte midlar* seinare i kapitlet.

Det statlege tilskotet til drift som fylkeskommunane forvaltar utgjorde 44 prosent av den samla finansieringa av sektoren i 2021, og er den største av dei ulike kjeldene. Andelen av den totale finansieringa er den same som året før, sjølv om kronebeløpet har auka. Dette tydar at dei andre finansieringskjeldene òg har auka frå året før.

Ein del av dei midlane som fylkeskommunen får overført er øyremerka til nokre fagskular, etter eit vedtak i Stortinget i 2019. I 2021 fekk desse skjerma fagskulane 76,8 millionar kroner. Dei fleste av desse fagskulane tilbyr i hovudsak kreative utdanningar og utdanningar i religion. Noko av årsaka til øyremerkinga er at fagskulane er små, og tilboda har eit nasjonalt nedslagsfelt.

Tilskot til dei tre statlege fagskulane

I tillegg til driftsmidlane som forvaltast av fylkeskommunane, løyver Stortinget kvart år midlar til dei tre statlege fagskulane, totalt 128 millionar i 2021, jamfør figur 5.1. Veia – Norges grønne fagskole og Dykkerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet er begge finansiert over budsjettet til KD. Norsk fagskule for lokomotivførarar, som utgjer den største delen av denne kategorien med 74 millionar kroner, blir finansiert over budsjettet til Samferdselsdepartementet (Prop. 1 S (2020–2021), s. 152). Desse pengane går direkte til fagskulane, og er ikkje ein del av forvaltninga til fylkeskommunane.

Tilskot fylkeskommunane sine frie midlar

Fylkeskommunane bruker òg av sine frie midlar til fagskulane kvart år, totalt 149 millionar kroner i 2021. Dette er ein markant auke frå 103 millionar kroner i 2020. Auken finn vi i all hovudsak i Viken fylkeskommune, og vert forklart med at det i fusjonsåret 2020 blei rapportert eit lågare beløp enn det som var reelt.

Tabell 5.1 viser kategoriane *Statlege driftsmidlar forvalta av fylkeskommunane* og *Tilskot fylkeskommunane sine frie midlar*, fordelt på fylkeskommunar. Oversikten viser store skilnader i fylkeskommunane sin bruk av frie midlar til høgare yrkesfagleg utdanning. Deloitte sin evaluering av finansieringssystemet viser likevel at biletet ikkje er komplett, fordi ein del fylkeskommunar gir indirekte støtte gjennom mellom anna gratis husleige, HR-tenester, kommunikasjon osv. (Deloitte, 2022). Tala vi viser her, er det fylkeskommunane har rapportert som tilskot til fagskular i DBH-F.

Som vi ser i tabellen brukte fylkeskommunane til saman om lag 149 millionar kroner av sine frie midlar i 2021 på høgare yrkesfagleg utdanning.

¹¹ Gjeld kapittel 240, post 60. Det vert i tillegg løyvd midlar på andre postar. Desse midlane inngår i kategorien Tilskot til dei tre statlege fagskulane.

Tabell 5.1: Statleg driftstilskot forvalta av fylkeskommunane og tilskot fylkeskommunane sine frie midlar, samt andel fylkeskommunale frie midlar av total finansiering per fylke – rapportert tildelt til fagskular i 2021

Fylkeskommune	Statlege driftsmidlar forvalta av fylkeskommunane	Tilskot fylkeskommunane sine frie midlar	Andel frie midlar FK av totale driftsmidlar
Agder fylkeskommune	65 468 000	0	0 %
Innlandet fylkeskommune	83 300 000	0	0 %
Møre og Romsdal fylkeskommune	47 815 000	15 097 000	24 %
Nordland fylkeskommune	30 929 454	6 543 300	17 %
Oslo fylkeskommune	168 779 225	0	0 %
Rogaland fylkeskommune	82 438 281	7 330 000	8 %
Troms og Finnmark fylkeskommune	43 353 633	23 183 398	35 %
Trøndelag fylkeskommune	96 790 888	14 100 000	13 %
Vestfold og Telemark fylkeskommune	86 139 804	0	0 %
Vestland fylkeskommune	145 014 927	21 405 000	13 %
Viken fylkeskommune	129 953 057	61 206 000	32 %
Totalt	979 982 269¹²	148 864 698	13 %

Kjelde: DBH-F

Høgre kolonne i tabellen viser den relative storleiken på dei fylkeskommunale frie midlane nytta til fagskular i høve til samla tilskot frå både dei statlege tilskota til drift, og fylkeskommunane sine frie midlar. Dei frie midlane utgjer heile 35 prosent av det samla budsjettet til høgare yrkesfagleg utdanning i Troms og Finnmark og 32 prosent i Viken. Samstundes er det fire fylkeskommunar som ikkje løyver frie midlar til høgare yrkesfagleg utdanning. Som nemnt over er det likevel fleire av desse som gir indirekte tilskot til eigen fagskule, som til dømes gratis husleige, som ikkje kjem fram i rapporteringa til DBH-F.

Sett bort frå unnataket med Viken fylkeskommune, held skilnaden i fylkeskommunane sin bruk av frie midlar seg stabil over tid. Det vil seie at dei fylkeskommunane som har ein høg andel finansiering med frie midlar, har hatt det over fleire år. Dette kan såleis ikkje tolkast som ei spesiell eller tidsavgrensa satsing, men heller eit løpande tilskot for å oppretthalde eksisterande tilbod.

Fylkeskommunane er både eigar av dei fylkeskommunale fagskulane, og forvaltar av dei statlege tilskota til drift. Desse to rollane skal vere skilt frå kvarandre. Når fylkeskommunane gir tilskot frå sine frie midlar, vert dette i all hovudsak gjort som ei overføring frå

¹² Dette talet avviker noko frå det som er oppgitt i Figur 5.1 fordi dette er basert på kva fylkeskommunane rapporterer av faktisk tilskot til fagskular. Det er kvart år justeringar i tilskota som følgje av at eit tilbod får færre studentar enn planlagt, eller at tilbodet ikkje kjem i gong. Pengar som slik blir frigjort, vert overført til neste år. Det rapporterte beløpet vil derfor vere lågare enn bevilga beløp nokre år, og høgare andre år. Til dømes fekk Oslo overført 156,5 millionar kroner for 2021, men har rapportert tildelingar for 168,7 for same år. Dette er mogleg fordi dei hadde med seg midlar frå året før.

fylkeskommunen som *skuleeigar* til eigen fagskule, ikkje gjennom det ordinære systemet for forvaltning av statleg tilskot til sektoren.

Studentbetaling

Studentbetaling utgjer ein vesentleg del av den samla finansieringa i sektoren, med om lag 771 millionar kroner. Det meste av dette, om lag 748 millionar kroner går til private fagskular. Dette er om lag 76,5 millionar kroner meir enn i 2020. Denne auken skuldast auken i talet på studentar, og har funne stad i den delen av sektoren som vert finansiert heilt av skulepengar. Dei offentlege fagskulane tok inn 23,7 millionar i studentbetaling, om lag tre millionar kroner meir enn året før.

Tala for studentbetaling har i alle år vore hefta av låg kvalitet. Mellom anna har det ikkje vore ein tydeleg definisjon av kva som skal telje som studentbetaling, og det har vore opp til den enkelte fagskule å avgjere korleis dei skal forstå dette. I praksis reknar vi derfor med at tala for studentbetaling i ein viss grad òg inkluderer semesteravgift og betaling for utstyr og læremateriell, som vi i utgangspunktet ikkje ynskjer å rekne som studentbetaling. Med studentbetaling ynskjer vi å kartleggje kor mykje studentar betalar for sjølve undervisninga, i dei tilfella der dei betalar for dette. Vi vil arbeide for å styrkje rapporteringa på dette punktet i framtida.

Dei fleste studentar i høgare yrkesfagleg utdanning betalar ingenting for utdanninga, anna enn ei semesteravgift, lik den studentar betalar på universitet og høgskular. Hausten 2021 var det litt meir enn 25 000 studentar på ordinære utdanningstilbod over 30 studiepoeng. Det er desse tilboda vi legg til grunn når vi i det vidare omhandlar gjennomsnittleg studentbetaling per semester.

Av desse 25 000 studentane var det om lag 9 800 studentar som betalte for utdanninga, medan 14 200 studentar ikkje betalte noko. Kring 1 500 av dei 25 000 manglar vi data på. Av dei som betalte for tilbodet, hørde om lag 7 600 studentar til privat sektor, medan litt under 2 200 hørde til i offentleg sektor.

For å gje eit bilete av kostnadene for fagskulestudentar, har vi berekna gjennomsnittleg betaling i privat og offentleg sektor. Berekninga er gjort på grunnlag av den rapporterte studentbetalinga per student for haustsemesteret 2021, og det er berre studentar som er rapportert med betaling som ligg til grunn. Vi har vald å ekskludere luftfartsfaga frå snittberekninga, då desse faga har ei svært høg studentbetaling.¹³


Gjennomsnittleg betaling ved dei private fagskulane utan luftfartsfaga, var på om lag 36 200 kroner hausten 2021, som figur 5.2 viser.¹⁴ Med luftfartsfaga ville snittet vært på om lag 50 000 kroner. Medan tidsserien frå tidlegare år har vist ein jamn auke i gjennomsnittleg studentbetaling, viser tala utan luftfartsfaga at det har lege nokolunde stabilt kring 36 000 dei siste fem åra. Det lave talet i 2019 er truleg er knytt til ei feilrapportering frå ein større fagskule, og bør ikkje tilleggast noko vekt. Ei årsak til at vi ikkje ser større prisauke, slik ein gjerne kunne venta grunna generell inflasjon, kan vere at vi har hatt ein stor vekst innan dei nettbaserte tilboda, og at desse tilboda ofte er billigare enn dei stadbaserte.

¹³ Betalinga per semester for desse utdanningane ligg på mellom 190 000 og 548 000 kronar per semester. Små endringar i talet på studentar frå eit år til neste innan dette fagområdet, gjer store utslag i snittbetalinga.

¹⁴ Dette snittet gjeld for studentane haustsemesteret 2021. Det samla beløpet for studentbetaling omtala innleiingsvis, er den samla inntekta frå studentbetaling for heile 2021, inkludert for dei studentane som var aktive på vårsemesteret.

Dei færreste studentane ved offentlege fagskular betalar for utdanninga si, men for dei som betalar var den gjennomsnittlege betalinga hausten 2021 på om lag 5 700 kroner. Utviklinga i offentlig sektor er at omfanget av betaling går jamt ned, som vi kan sjå av den blå lina. Snittet for dei offentlege fagskulane i figur 5.2 under er noko høgare enn det vi har oppgitt i tilstandsrapportane tidlegare år. Dette skuldast at vi har korrigert for feilrapporteringar. Gjennomsnittet blei lågare i tidlegare rapportar fordi studentar som ikkje betalte feilaktig blei inkludert i berekninga.

Figur 5.2 Gjennomsnittleg studentbetaling ved offentlege og private fagskular. 2014–2021



Merknad: Gjeld utdanningstilbod over 30 studiepoeng med studentbetaling, tal per student for haustsemesteret ekskludert luftfartsfaga. Tala for gjennomsnittleg studentbetaling er korrigert for feilrapportering ved å dele samla studentbetaling på studentar

Vedlegg: V5.2

Kjelde: DBH-F

Tabell 5.2 viser gjennomsnittleg studentbetaling for 2021 brote ned på eigarskap og dei ulike finansieringskategoriane fullstendig offentlig finansiert, delvis offentlig finansiert, og fullstendig finansiert av skulepengar. Her har vi lagt til ein kolonne for antal studentar, slik at vi kan sjå kor mange studentar dette faktisk gjeld. I tillegg har vi to restkategoriar; luftfartsfaga, av same årsak som forklart over, og studentar som er rapportert i feil kategori og derfor blir haldne utanfor berekningane. Tabellen viser òg kor mange studentar som ligg til grunn for snittberekninga i kvar kategori. Dette gir eit meir heilskapleg bilete av omfanget av studentbetaling i høgare yrkesfagleg utdanning.

Tabell 5.2 Snittbetaling per student for tilbud på 30 studiepoeng og meir, fordelt etter eigarskap og finansieringskjelde. Haust 2021

Eigarskap	Finansieringsform	Snittbetaling per student	Antal studentar
Offentleg	Fullstendig offentlig finansiert	0	8 746
	Delvis offentlig finansiert	5 600	2 156
	Fullfinansiert av skulepengar / andre tilskot	12 000	21
Sum offentlege fagskular med studentbetaling *		5 662	2 177
Privat	Fullstendig offentlig finansiert	0	5 480
	Delvis offentlig finansiert	28 448	707
	Fullfinansiert av skulepengar / andre tilskot	37 086	6 439
Sum private fagskular med studentbetaling *		36 231	7 146
Rest	Studentar feilrapportert	–	1 540
	Luftfartsfaga	263 344	484

Merknad: Gjeld utdanningstilbod over 30 studiepoeng, tal per student for haustsemesteret. Tala for gjennomsnittleg studentbetaling er korrigert for feilrapportering ved å dele samla studentbetaling på studentar

* snitt er berekna utifrå betalende studentar

Kjelde: DBH-F

Studentar på fullstendig offentlig finansierte utdanningar betalar ikkje noko i skulepengar. Det betyr likevel ikkje at dei ikkje betalar ei semesteravgift, men det kjem ikkje fram i desse tala. På tvers av sektorar var det litt meir enn 14 200 studentar hausten 2021 som var fullfinansiert av offentlig tilskot. Dette utgjer godt over halvparten av alle studentane i høgare yrkesfagleg utdanning.

Blant dei offentlege fagskulane var det litt over 2 000 studentar som var på *delvis* offentlig finansierte utdanningstilbod, som vi ser i tabell 5.2 over. I snitt betalte desse 5 600 kroner per semester, litt under det samla snittet for alle studentane ved offentlege fagskular som betalte noko (jamfør figur 5.2 over). Samstundes var det 21 studentar som betalte 12 000 kroner per semester for utdanningstilbodet sitt.

I den private delen av sektoren var det om lag 14 650 studentar på utdanningstilbod på 30 studiepoeng eller meir, hausten 2021. Om lag 5 500 av desse tok utdanningar som var heilt offentlig finansiert, medan litt over 6 900 studentar gjekk på utdanningstilbod utan offentlig støtte. 484 av desse var innan luftfartsfaga som spesifisert i tabellen over, med ei snittbetaling på 263 000 kroner. Dei 6 400 andre studentane ved private fagskular som betalte for heile utdanningstilbodet sitt, betalte i snitt om lag 37 000 kroner per semester. I tillegg kjem om lag 700 studentar på delvis offentlig finansierte utdanningar. Dette er i all hovudsak studentar innan kreative og religiøse fag ved dei skjerma fagskulane. Desse studentane betalte i snitt 28 400 kroner per semester.

Prosjektbaserte midlar

Kvart år blir det lyst ut midlar til høgare yrkesfagleg utdanning retta mot ulike formål. I 2021 ble det løyvd 168 millionar kroner til fagskular gjennom ulike ordningar forvalta av HK-dir. Dette er om lag 60 millionar kroner meir enn i 2020. I tabell 5.3 under listar vi punktvis opp hovudtrekka ved dei ulike tilskotsordningane.

Tabell 5.3 Prosjektbaserte midlar. 2021

Tittel på programmet	Beløp tildelt	Kort omtale
Utviklingsmidlar for høgare yrkesfagleg utdanning	54,5 millionar	Tildeling til 26 utviklingsprosjekt ved private og offentlege fagskular. Nye utdanningstilbod, investeringar og pedagogisk kompetanse er nokre av prosjektområda.
Driftsmidlar til studieplassar – Industrifagskulen 2021	16,4 millionar	Det blei lyst ut 37,8 millionar kroner øyremerka korte og fleksible vidareutdanningstilbod innan industri og bygg. Det blei tildelt 16,4 millionar til 40 modular ved åtte fagskular. Dette vil gje eit kompetansehevingstilbod til 1140 deltakarar.
Treparts bransjeprogram for kompetanse	59,5 millionar	Ordninga dekkjer ti ulike bransjar, og gir tilskot til ulike utdanningsnivå. For fagskulesektoren handlar det om korte, fleksible utdanningstilbod under 30 studiepoeng. Samla sett vart det fatta vedtak for 215 millionar kroner i 2021, der 59,5 millionar var til fagskular.
Tilskot til fleksible utdanningstilbod	22,4 millionar	Midlar til å oppskalere eksisterande fleksible utdanningstilbod på alle utdanningsnivå. Tilboda skulle særleg tilpassast nyutdanna unge med liten erfaring frå arbeidslivet, og ledige og permitterte. Av 139 millionar kroner fekk fagskulane tildelt 22,4 millionar til 28 tilbod ved sju fagskular
Erasmus +	6,7 millionar	Tilskot til tre internasjonale samarbeidsprosjekt og eit mobilitetsprosjekt innan EU sitt utdanningsprogram. I tillegg kjem ei tildeling til eit Centre of Vocational Excellence på totalt fire millionar Euro der Fagskulen i Rogaland er partnar (sjå tekstboks)
Overgangsordningar mellom høgare yrkesfagleg utdanning og universitet eller høgskular	7,5 millionar	Det blei i 2021 tildelt 7,5 millionar til sju prosjekt som har som målsetting å utvikle ulike overgangsmoellar mellom høgare yrkesfagleg utdanning og UH-utdanningar innan ulike fagområde. Eitt av prosjekta er venta avslutta i løpet 2022 og dei resterande seks i 2023.
Markom2020	8 millionar	Ei vidareføring av Markom 2020. Tilskot til eit prosjekt for å sette i gang ulike tiltak ved dei maritime fagskulane for å auke kvaliteten i utdanninga.

Kjelde: HK-dir

Med unntak av midlane frå Erasmus+, er alle dei prosjektbaserte tilskota midlar frå Kunnskapsdepartementet. Dei statlege tilskota har noko ulik innretning, men eit sentralt fellestrekk er utvikling av nye utdanningstilbod i samarbeid med arbeidslivet. Nokre ordningar er tilskot til investeringar, til implementering av digitale verktøy og tilskot til drift eller utprøving av nye tilbod. Oversikta over syner at tre av ordningane har som føremål å stimulere til korte og fleksible utdanningstilbod (under 30 studiepoeng) i sektoren. Dette er Industrifagskulen, bransjeprogramma, og tilskot til fleksible utdanningstilbod. Samla sett utgjer tilskota innan desse tre ordningane 37 prosent av dei prosjektbaserte tilskota.

Ser vi dei prosjektbaserte tilskota i samanheng med tilskotet til drift får vi ein samla sum på 1,16 milliardar kroner. Av dette utgjer då dei konkurransebaserte tilskota som vert forvalta av HK-dir 15 prosent. Fylkeskommunane forvaltar dei resterande 85 prosentane, med unntak av beløpet som er skjerma for utvalde fagskular.

Erasmus+ er verdast største kompetanse- og utdanningsprogram, og finansierer både utveksling og samarbeidsprosjekt for alle nivå innan utdanning. Fagskulane har tradisjonelt ikkje brukt ordninga i nokon særleg grad, men har dei siste åra oppdaga moglegheitene innanfor programmet.

Både fagskulestudentar og lærarar/instruktørar kan få fagleg påfyll gjennom å delta i utveksling. Dette kan ta form av mellom anna praksisopphald, jobbskygging og vanleg læring/studiar i europeiske land.

Det finst tre ulike typar samarbeidsprosjekt. Småskala samarbeidsprosjekt er nettopp det, og er etablert for skular og institusjonar som ønskjer å få i gang internasjonalt samarbeid med andre skular i Europa. Alle desse samarbeida er tematisk basert og gjev høve til utvikling og erfaringsutveksling. Ramma for tilskot er 30 000 eller 60 000 Euro, og prosjekta er fleksible. To fagskular har allereie prøvd denne prosjektypen.

Samarbeidsprosjekt er større prosjekt og ein kan søke opp til 400 000 Euro. Her er to norske fagskular allereie godt i gang med slike prosjekt. Fagskolen i Viken fekk innvilga eit samarbeidsprosjekt i 2019 der dei har utvikla modulisererte kurs i design, bygging og vedlikehald av løyper for terrengsykling. Prosjektet var toårig og dei fekk 400 000 Euro i støtte. Utdanninga er no tilgjengeleg hjå fagskulen. Fagskolen i Viken har også fått tildelt midlar til eit småskala prosjekt som ser på utvikling av berekraftig reiseliv og opplevingar.

Erasmus+ programmet har også større satsingar der partnerskap kan søke om 4 millionar Euro over ein fireårsperiode. Centres of Excellence in Vocational Education and Training (CoVE) er kanskje mest kjent. Prosjekta er enten bransjebasert eller har tematiske innhald. Prosjekta utviklar samarbeidsplattformer med fokus på mellom anna innovasjon, regional utvikling, kompetanse, smart spesialisering, klyngedanning, og kunnskapstriangel. Tiltaket er positivt og i tråd med tenkinga vi òg har i Norge med betre samarbeid mellom utdannings- og forskingsaktørar, regionale og lokale utviklingsaktørar, og arbeids- og næringsliv.

Med årets energikrise i Europa, er CoVE-prosjektet som Fagskulen i Rogaland er med på, heilt på linje med målsettingane både i Noreg og Europa. Gjennom prosjektet T-Shore, samarbeider dei med partnerar i Nederland, Irland, Belgia og Danmark i satsing innan hav-vind. Hovudfokus er å byggje eit solid nettverk av opplæringsaktørar og utvikle metodar og læringsmateriale som er tilpassa behovet til bransjen. Dei rigga prosjektet i forkant gjennom eit samarbeidsprosjekt, og fekk etablert eit godt partnerskap som utvikla søknaden. Partnerskapet har fått 4 millionar Euro i støtte til dette arbeidet gjennom Erasmus+ og med 1 million Euro i eigne midlar gir denne satsinga høve til å etablere ei fleksibel utdanning basert på behova i næringa.

Guri Kunna vidaregåande skole på Frøya er den fyrste vidaregåande skulen i Noreg som har fått tildelt eit CoVE prosjekt. Dei utviklar saman med partnerar i Skottland, Island og Færøyane eit modulbasert, digitalt opplæringstilbod saman med innovative praksismetodar. Satsinga rustar havbruksnæringa til å møte dei utdanningsstandarane som no er naudsynte i høve etter- og vidareutdanning, berekraft og HMS.


Kjelde: HK-dir

5.3 Studentar og fagområde etter finansieringskjelder

Som omtala i innleiinga er hovudkjeldene for finansiering i høgare yrkesfagleg utdanning offentleg tilskot og studentbetaling. Figur 5.3 viser korleis dette fordeler seg på fagområde og studentar.

Kategorien *fullstendig offentleg finansiert* inkluderer her alle statlege og fylkeskommunale midlar. Kategorien *delvis offentleg finansiert* synleggjer at studentane òg betaler ein viss andel skulepengar, medan kategorien *utan offentleg tilskot* betyr at utdanninga blir fullfinansiert av studentbetaling eller andre formar for tilskot.

Figur 5.3 Studentar etter fagområde og tilskot, alle utdanningstilbod. 2021



Vedlegg: V5.3

Kjelde: DBH-F

Som vi ser av figuren fordeler dei offentlege midlane seg på alle fagområde. I helse- og velferdsfaga er tilnærma alle studentane fullfinansiert av offentleg tilskot. Om lag 60 prosent av studentane innan helse- og velferdsfaga studerer ved ein privat fagskule, medan 40 prosent studerer ved ein offentleg. Denne fordelinga har halde seg svært stabil frå 2018, medan det samla talet på studentar innan dette fagområdet har auka med 43 prosent i perioden

Innan tekniske fag er 79 prosent av studentane anten heilt (55 prosent) eller dels (24 prosent) offentleg finansiert. Av dei 21 prosent studentane innan tekniske fag *utan* offentleg tilskot, er det ei stor overvekt av data/IT-fag. Data/IT-fag er eit fagfelt som har vakse mykje dei siste få åra, og behovet for meir arbeidskraft med utdanning frå dette området blir ofte trekt fram. I denne konteksten er det interessant at heile 1 947 av 2 416 studentar innan data/IT-fag går på utdanningar utan noko offentleg tilskot. Den viktigaste forklaringa på dette er at den største tilbydaren av slike utdanningar, Noroff med om lag 1 600 studentar innan dette området, ikkje søkjer offentleg tilskot fordi dei driv kommersielt. Dei siste par åra har det komen til fleire nye, private aktørar med liknande utdanningstilbod som søkjer og får tildelt offentleg tilskot til drift. Desse tilbyr då utdanningane gratis, eller for ei låg studentbetaling. Det vil bli svært interessant å følgje denne utviklinga framover, og om biletet vil endre seg i retning av ein høgare andel studentar på offentleg finansierte tilbod også innan dette fagfeltet, når fleire aktørar får tid til å vekse.

Innan dei kreative faga er 77 prosent utan offentleg tilskot, 20 prosent delvis offentleg finansierte, og tre prosent heilt offentleg finansierte. Av studentane på delvis offentleg finansierte utdanningar finn vi flest innan dei skjerma fagskulane.

I samferdselsfaga er det luftfartsutdanningane som er utan tilskot, medan maritime fag og lokførarutdanninga i hovudsak er heilt offentleg finansierte. Når det gjeld økonomi- og administrasjonsfaga er studentane jamt fordelt mellom tilbod som er fullstendig offentleg finansierte og utan offentleg tilskot. Berre ein liten andel av studentane (fem prosent) har delvis offentleg finansiering innan dette fagområdet.

Kategorien *uoppgitt* består av studentar på kortare utdanningstilbod under 30 studiepoeng, der om lag 40 prosent er finansierte gjennom bransjeprogram, medan 60 prosent er finansierte gjennom andre tilskotsordningar eller ordinære driftstilskot.

5.4 Vekst i sektoren – kvar og kvifor?

Mykje av den omtala veksten i sektoren er knytt til auken i statleg driftstilskot. Tilskotet har blitt fasa inn som nye studieplassar. Først vart det tildelt midlar til 638 toårige plassar i 2018, deretter 1 600 toårige plassar i 2020. I tillegg kom det midlar til 498 eittårige studieplassar i 2021 og øyremerka korte modulbaserte tilbod innan industri og bygg, som vi har omtalt tidlegare.

Innføringa av nye studieplassar er ein mekanisme for å auke grunntilskotet til fylkeskommunane si forvaltning av høgare yrkesfagleg utdanning. I tillegg kjem dei 498 øyremerka studieplassane som blir forvalta av HK-dir. Ved toårige studieplassar vil auken i budsjettet fasast inn over to studieår, for at fagskulane skal kunne få dekkja oppstart av tilbod med inntil to års varigheit, med oppstart av nye kull kvart år. Plassane kan likevel nyttast til kortare tilbod, om det er det som blir etterspurt.

For å analysere effekten av denne opptrappinga vil vi sjå nærare på utviklinga i sektoren berre for tilbod som er heilt eller delvis offentleg finansierte. I dette talgrunnlaget har vi ekskludert dei tre statlege fagskulane som får tilskot direkte over statsbudsjettet. Vi har òg ekskludert tilbod som er rapportert som bransjeprogram, då desse tilboda er prosjektfinansierte, og derfor ikkje ein effekt av auken i studieplassar. I tillegg veit vi at vi ikkje vil finne effektar av dei 498 eittårige studieplassane som var øyremerka Industrifagskulen i 2021. Godt under halvparten av midlane vart tildelt i 2021, og av prosjekta som fekk støtte var det få som fekk gjennomført før rapporteringsfristen til DBH-F. Effekten av desse øyremerka studieplassane vil vi derfor tidlegast sjå til neste år. Elles er alle andre kortare tilbod inkludert, då vi kan rekne med at desse i all hovudsak er finansierte gjennom dei ordinære tilskota til drift.

Vi vil sjå nærare på utviklinga både i talet på studentar, men òg i antal studiepoeng produsert. Dette er fordi talet på studentar åleine ikkje gir eit fullstendig bilete av omfanget av opplæring som blir tilbydd, då ein student kan ta alt frå eitt til 60 studiepoeng per år. For å forstå utviklinga er det viktig å huske at auken i talet på studentar kjem tidlegare enn auken i avlagte studiepoeng. Dette er fordi det tar lengre tid frå ein student startar utdanninga og blir tald som aktiv, til eksamenar vert avlagd og studiepoenga rapportert til DBH-F. Stort sett startar studentar i haustsemesteret, men tar dei fleste eksamenar i vårsemesteret. Desse resultatane blir då rapportert til DBH-F 15.august året etter at studenten vart registrert som student på tilbodet. Talet på studentar aukar derfor mykje tidlegare enn talet på studiepoeng.

I tabell 5.4 ser vi at talet på studentar på offentleg finansierte utdanningar auka med om lag 23 prosent frå 2019 til 2020, og deretter ytterlegare 20 prosent frå 2020 til 2021. I reelle tal utgjer denne auken for desse to åra om lag 6 000 studentar, eller nær 50 prosent av studenttalet i 2019. Sett i høve til studenttalet i 2018 har auken i studenttalet vore på 62 prosent. Dei statlege tilskota har auka med 63 prosent i same periode.¹⁵ Ser vi berre på endringa frå 2019 til 2021, perioden då tilskotet auka mest, har studenttalet auka med 47 prosent, medan det statlege tilskotet auka med 36 prosent. Desse tala syner at auka tilskot har gitt eit auka aktivitetsnivå i sektoren. Om veksten i sektoren svarar til auken i finansieringa kan vi ikkje vurdere berre ut frå studenttalet, for det er i liten grad slik at ein student fyller ein studieplass i finansieringssamanheng. Ein studieplass er som kjend finansieringa av ein 60-studiepoengs eining (SPE), medan studentar i fagskulane stort sett studerer på deltid og tar færre studiepoeng per år. Det går då fleire studentar per studieplass (per 60-poengs eining).

Tabell 5.4 Studentar på offentleg finansierte utdanningstilbod. 2018–2021

Utvikling studentar offentleg finansierte tilbod	2018	2019	2020	2021
Studentar på offentleg finansierte tilbod	11 575	12 723	15 638	18 724
Endring frå året før	497 (4%)	1 148 (10%)	2 915 (23%)	3 086 (20%)
Endring sidan 2018		1 148 (10%)	4 063 (35%)	7 149 (62%)

Merknad: Desse tala viser studentar ved heilt og delvis offentlege finansierte utdanningar med unntak av dei tre statlege fagskulane og studentar finansierte av bransjeprogramma. Dette for å isolere effekten av auken i studieplassar frå 2018 og 2020.

Kjelde: DBH-F

For å vurdere den fulle effekten av nye studieplassar må vi derfor òg sjå på studiepoengproduksjonen, jamfør tabell 5.5 under. Fordi den første opptrappinga av studieplassar kom med toårige plassar i 2018, må vi sjå på utviklinga frå dette året. Effekten av opptrappinga av desse plassane strekkjer seg godt inn i 2020, og overlappar derfor i stor grad med opptrappinga på 1 600 studieplassar i 2020. Vi kan derfor ikkje isolere effekten av dei to rundane med opptrapping.

Tabell 5.5 Studiepoengeiningar i offentleg finansierte utdanningstilbod. 2018–2021

Utvikling av studiepoengeiningar	2018	2019	2020	2021
Studiepoengeiningar avlagd ved offentleg finansierte tilbod	6 328	6 612	7 407	8 212
Endring året før	229 (4%)	284 (4%)	795 (12%)	805 (11%)
Endring sidan 2018		284 (4%)	1 079 (17%)	1 884 (30%)

Merknad: Desse tala viser studiepoengeiningar produsert av studentar ved heilt og delvis offentlege finansierte utdanningar med unntak av dei tre statlege fagskulane og studentar finansierte av bransjeprogramma. Dette for å isolere effekten av auken i studieplassar frå 2018 og 2020

Kjelde: DBH-F

Frå 2018 til 2021 har auken i studiepoengeiningar vært på 30 prosent. Som nemnt over har det statlege tilskotet til drift har auka med 63 prosent i same periode. Altså er auken i

¹⁵ Denne auken inkluderer 38,8 millionar (498 studieplassar) for 2021 som var øyremerka korte modulbaserte utdanningar innan industri og bygg. Av dette tilskotet vart om lag 16 millionar tildelt sektoren etter fleire søknadsrundar. Nesten ingen av tilboda blei gjennomført i 2021, men utsett til 2022 av ulike grunnar. Vi ser derfor tilnærma ingen effekt av denne auken i desse tala.

studiepoengproduksjon 33 prosentpoeng lågare enn auken i tilskot. Her må vi likevel ta høgde for at auka tilskot ikkje gir full utteljing i studieproduksjon med ein gong, som forklart over. Vi kan ta høgde for dette ved å samanlikne auken i studiepoeng med auken i tilskot for åra før studiepoenga blei produsert.

Samanliknar vi derfor utviklinga i tilskot frå 2018 til 2020 med utviklinga i studiepoengeiningar til og med 2021 (altså eitt år lengre enn auken i tilskot), ser vi at tilskotet har auka med 15 prosent medan produksjonen av studiepoengeiningar har auka med 30 prosent. Dette tyder at vi ikkje kan konkludere med kva effekt auken i tilskot har hatt for studiepoengproduksjonen endå, men viser at effekten av auka tilskot kjem gradvis frå semesteret tilskota vært innført, og to år fram i tid.

Auken i studiepoengeiningar på 30 prosent frå 2018 må derfor dels tilskrivas auken i studieplassar som vart fasa inn frå og med hausten 2018 til våren 2020, og dels auken i nye studieplassar hausten 2020. Etersom studieplassane som kom i 2020 er ferdig innfasa i tilskotsordninga våren 2022, vil vi sjå heile effekten av auken i tilskot som starta hausten 2020 først i rapporteringa for 2022, det vil seie våren 2023.

Medan vi i denne tilstandsrapporten følger utviklinga i sektoren og effektane av fagskulepolitikken i tal frå år til år, vert det òg som kjent gjennomført ei større evaluering av alle tiltaka som er sett i verk i sektoren, jamfør tekstsaks 1. Deloitte sin delrapport om finansieringssystemet viser at grepet som ble gjort i 2018 med å samle alle tilskot til sektoren i eitt felles system, og legge ansvaret for forvaltninga til fylkeskommunane som er nærare arbeidslivet, var gode grep. Rapporten peikar likevel på nokre utfordringar. Mellom anna peikar dei på at det er store skilnader i kor godt fagskuleforvaltninga er forankra og prioritert i dei ulike fylkeskommunane, og i kva grad dei har ein aktiv forvaltning.

Eit anna sentralt moment Deloitte peikar på, er faren for ein ny fragmentering av finansieringssystemet. Dei peikar på ein betydeleg auke i ulike prosjektmidlar som kan søkjast på gjennom ulike ordningar i åra etter at eit nytt og samla finansieringssystem vart introdusert. Dei peikar til dømes på industrifagskulen og bransjeprogram. Dette er noko som på ny kan gjere finansieringa av sektoren mindre føreseieleg og mindre oversiktleg. I tillegg peikar dei på faren for målkonfliktar, når ulike ordningar vert oppretta for å tene ulike føremål, og forvalta av ulike aktørar. Mellom anna peikar dei på at fagskular kan få tilskot til utvikling av tilbod gjennom ulike ordningar frå HK-dir, samstundes som det er opp til fylkeskommunane å avgjere om dei same tilboda skal prioriterast med tilskot til drift når dei er utvikla.

Deloitte skal levere ein sluttrapport der dei gir ein vurdering av alle dei ulike tiltaka som vart sett i verk etter fagskulemeldinga, ikkje berre det som er direkte knytt til finansiering. Rapporten vil bli tilgjengeleg kring mars 2023.

6 Litteraturliste

Deloitte. (2021). *Evaluering av fagskolemeldingen. Første delrapport – status for implementering av tiltak i fagskolemeldingen*. <https://mkto.deloitte.com/rs/712-CNF-326/images/forste-delrapport-evaluering-av-fagskolemeldingen.pdf>

Deloitte. (2022). *Evaluering av fagskolemeldingen. Andre delrapport – finansieringssystemet*. <https://nor.deloitte.com/rs/712-CNF-326/images/Fagskolemeldingenandre-delrapport-finansieringssystemet.pdf>

Diku. (2021). *Tilstandsrapport for høyere utdanning 2021* (Diku rapport 07/2021). <https://diku.no/rapporter/dikus-rapportserie-07-2021-tilstandsrapport-for-hoeyere-utdanning-2021>

Fagskoleloven §4. (2021). *Kapittel 2 Akkreditering og godkjenning av fagskoleutdanning*. <https://lovdata.no/lov/2018-06-08-28/§4>

Fagskoleloven §29. (2021). *Kapittel 6 Økonomi og tilsyn*. <https://lovdata.no/lov/2018-06-08-28/§29>

HK-dir. (2022). *Tilstandsrapport for høyere utdanning 2022* (Rapport nr. 9/2022). Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse. <https://hkdir.no/rapportar/tilstandsrapport-for-hoeyere-utdanning-2022>

Innst. 517 L (2020-2021). *Endringer i universitets- og høyskoleloven, utdanningsstøtteleven, fagskoleloven og yrkeskvalifikasjonsloven mv. (samleproposisjon)*. <https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/innstillinger/stortinget/2020-2021/inns-202021-517l.pdf>

Meld. St. 9 (2016–2017). *Fagfolk for fremtiden — Fagskoleutdanning*. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-9-20162017/id2522412/>

Meld. St. 14 (2019-2020). *Kompetansereformen – Lære hele livet*. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20192020/id2698284/>

Mesterbrevloven. (2021). *Lov om mesterbrev i håndverk og annen næring [mesterbrevloven]*. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1986-06-20-35>

Prop. 1 S (2020–2021). (2020). *Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak). FOR BUDSJETTÅRET 2021 Utgiftskapitler: 1300–1370. Inntektskapitler: 4300–4360, 5577, 5619 og 5624*. Samferdselsdepartementet. https://www.regjeringen.no/contentassets/27e7aad20ce14f48bf290af31819c55f/no/pdfs/prp202020210001_sdddpdfs.pdf

- Samordna opptak. (2020). *Fagskole - Ledige studieplassar*. Samordna opptak.
<https://www.samordnaopptak.no/info/soke/soke-fsu/ledige-studieplasser/>
- Samordna opptak. (2022a). *Fagskole - Om spesielle opptakskrav*.
<https://www.samordnaopptak.no/info/opptak/opptak-fsu/spesielle-opptakskrav/om-spesielle-opptakskrav/>
- Samordna opptak. (2022b). *Søker- og opptakstall 2021*.
<https://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/sokertall-2021/>
- Solberg, E., Hovdhaugen, E., Gulbrandsen, M., Scordato, L., Svartefoss, S. M., & Eide, T. (2021). *Et akademisk annerledesår: Konsekvenser og håndtering av koronapandemien ved norske universiteter og høyskoler* (NIFU-rapport 2021:9). NIFU. <https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/handle/11250/2737339>
- UHR. (2021). *Dobbeltkompetanse; yrkesfaglig og forskningsbasert Overgang mellom teknisk fagskoleutdanning og bachelor i ingeniørfag*.
https://www.nokut.no/globalassets/nokut/rapporter/ua/2021/dobbeltkompetanse-yrkesfaglig-og-forskningsbasert_2021.pdf

